

Sara Rødland Langvik

## Av mange hogg vert øksa sløv

Ei biografisk analyse av deponerte økser i  
bronsealder i Rogaland

Masteroppgåve i Arkeologi  
Rettleiar: Merete Moe Henriksen  
Medretteiar: Kristin Armstrong Oma  
November 2022



Sara Rødland Langvik

## **Av mange hogg vert øksa sløv**

Ei biografisk analyse av deponerte økser i  
bronsealder i Rogaland



Masteroppgåve i Arkeologi  
Rettleiar: Merete Moe Henriksen  
Medretteiar: Kristin Armstrong Oma  
November 2022

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Det humanistiske fakultet



**NTNU**

Kunnskap for ei betre verd





**Figur 1:** Depotfunn frå Lunde, Vindafjord. Foto: Ann-Mari Olsen, Universitetsmuseet i Bergen, Arkeologibasen.

## Samandrag

Somme arkeologiske funn ber preg av å ha vore nedlagt intensjonelt i myrer, vatn, elvar og i jord. Desse funna vert kalla depotfunn. Depot er ein mykje diskutert funnkategori, og frå 1800-talet til i dag har ein forsøkt å forstå fenomenet. I Rogaland finn vi spektakulære bronsegjenstandar frå depot i bronsealder, og somme av desse er økser. Denne oppgåva tar for seg biografiane til dei deponerte øksene frå Rogaland i bronsealder i ei gjenstandsanalyse, og bruker biografiane for å belyse depotskikken.

Analysen av øksene viser mønster og handlingar i materialet som også kan gjelde for depotskikken. Analysen viser føretrekte material og gjenstandar nytta i depotskikken i Rogaland, ho viser mønster i kontekst og handsaming spesifikt for somme gjenstandar og material. I forkant av deponering kan det virke som ein bruker tid på å velje ut depotstad og gjenstand, og materiale i gjenstanden spelar også inn. Når ein så skal deponere har ein i mange tilfelle utført eit ritual før deponering. Det rituelle og praktiske vert ofte blanda. At depot inkluderer ritual treng ikkje å ekskludere at det har vore eit forråd. Verdslege forhold har òg påverka depotskikken, som viser fleksibilitet. Deponering er ein skikk med ulike funksjonar, men som tydeleg har vore ritualisert og er nøye gjennomtenkt.

## Abstract

Hoards are much discussed, and from the 19<sup>th</sup> century until today we have tried to understand the phenomenon. In co. Rogaland, Norway, spectacular hoards have been found from the bronze age, and some of these are axes. This thesis aims to investigate the biographies of the axes in an artefact analysis, and through the biographies understand more about the practice of hoarding.

The analysis of the axes revealed patterns and actions connected to the artefacts, that could also be part of the practice of hoarding. Certain materials and artefacts were favored above others, actions seen in regard to context, the treatment of some materials and artefacts. What was found in the analysis then was interpreted using agency theory. Before the deposition of the artefacts could take place, the place and the artefacts and material are carefully chosen. The analysis shows that rituals are then performed. The ritual and the practical are often combined in the material, one not excluding the other. Societal change has also affected the practice of hoarding, and it proves to have been flexible to these changes. Overall, the practice of hoarding in Bronze age Rogaland is a practice with different functions, but it is clear that it has been well thought out as well as ritualized.

## **i. Forord**

Fyrst vil eg takke for all hjelp eg har fått på denne oppgåva. «It takes a village» er det noko som heiter, og det er også tilfellet her. Mi største hjelp har vore min hovudrettleiar, Merete Moe Henriksen, som har halde ut med meg i litt over to år. Takk for all hjelp, for tolmod og gode råd! Du har vore grundig i di rolle som rettleiar. Det har vore ei ære!

Eg vil også takke min birettleiar, Kristin Armstrong Oma, for hjelp med både retting og kunnskap om Rogaland sin bronsealder.

I tillegg vil eg takke musea eg har vitja og samlingsforvaltarane der for all hjelp. Spesifikt vil eg takke Melanie Wrigglesworth ved Universitetsmuseet i Bergen, som lærte meg mykje om både gjenstandane eg undersøkte, og perioden.

Eg vil òg rette ei takk til mine medstudentar som eg har diskutert oppgåva mi med, og fått idear og hjelp av, spesifikt på «Kirkekontoret» på masterlesesalen. Det same gjeld professorar som har kome med idear og kommentarar på masterseminar, og andre ved instituttet som har hjulpe meg. Det har eg sett pris på!

Til sist vil eg takke familien min og kjærasten for støtte, oppmuntring og hjelp i prosessen. Eg hadde ikkje klart dette utan dykk!

Sara Rødland Langvik, Trondheim, 15.11.2022

## Innholdsfortegnelse

|   |     |
|---|-----|
| <b>i. Forord</b> .....  | III |
| <b>ii. Figurliste</b> .....   | VII |
| <b>iii. Tabelliste</b> .....  | IX  |
| <b>1. Innleiing</b> .....   | 1   |
| <b>1.1 Bronsealder og økser i Europa og Skandinavia</b> .....         | 2   |
| <b>1.2 Problemstillinger</b> .....                                    | 3   |
| <b>1.3 Avgrensing og omgrepsavklaring</b> .....                       | 3   |
| <b>1.3.1 Avgrensing i tid og rom</b> .....                            | 3   |
| <b>1.3.2 Depotfunn som omgrep</b> .....                               | 4   |
| <b>1.4 Struktur på oppgåva</b> .....                                  | 5   |
| <b>2. Forskingshistorie</b> .....                                     | 6   |
| <b>2.1 Frå evolusjonistisk,- til post-prosessuell arkeologi</b> ..... | 6   |
| <b>2.2 Diskusjon av forskingshistoria</b> .....                       | 8   |
| <b>3. Metode og teori</b> .....                                       | 10  |
| <b>3.1 Kriterium for utval</b> .....                                  | 10  |
| <b>3.2 Metodisk analyse - framgangsmåte</b> .....                     | 11  |
| <b>3.3 Gjenstandens biografi</b> .....                                | 12  |
| <b>3.4 Agensteori</b> .....   | 12  |
| <b>4. Presentasjon av det arkeologiske materialet</b> .....           | 14  |
| <b>4.1 Gjenstandstypar og gjenstandskombinasjonar</b> .....           | 14  |

|   |           |
|---|-----------|
| <b>4.2 Kronologisk og romleg utbreiing .....</b>          | <b>18</b> |
| <b>4.2.1 Kronologisk utbreiing .....</b>                  | <b>18</b> |
| <b>4.2.2 Romleg utbreiing.....</b>                        | <b>21</b> |
| <b>4.3 Funnkontekst.....</b>                              | <b>27</b> |
| <b>4.4 Oppsummering.....</b>                              | <b>29</b> |
| <b>5. Analyse av økseaterialet.....</b>                   | <b>31</b> |
| <b>5.1 Oversikt over økseaterialet.....</b>               | <b>31</b> |
| <b>5.2 Øksa sin biografi.....</b>                         | <b>33</b> |
| <b>5.2.1 Steinøksa sin biografi.....</b>                  | <b>34</b> |
| <b>5.2.2 Bronseøksa sin biografi .....</b>                | <b>34</b> |
| <b>5.2.3 Støypeformer .....</b>                           | <b>37</b> |
| <b>5.2.4 Skafthølsøksene datert til EBA .....</b>         | <b>38</b> |
| <b>5.2.5 Randlistøkser .....</b>                          | <b>42</b> |
| <b>5.2.6 Avsatsøkser .....</b>                            | <b>44</b> |
| <b>5.2.7 Holkøkser.....</b>                               | <b>46</b> |
| <b>5.2.8 Skafthølsøkser datert YBA .....</b>              | <b>50</b> |
| <b>5.2.9 Nakkebøygde økser med skaffure .....</b>         | <b>52</b> |
| <b>5.3 Samanfating.....</b>                               | <b>54</b> |
| <b>6. Diskusjon.....</b>                                  | <b>56</b> |
| <b>6.1 Øksa tar form – Materialet.....</b>                | <b>56</b> |
| <b>6.2 Øksa tar form – støypeformer og støyping .....</b> | <b>58</b> |
| <b>6.3 Handsaming og bruk av øksene .....</b>             | <b>59</b> |
| <b>6.4 Under torva.....</b>                               | <b>61</b> |
| <b>6.4.1 Deponering og kontekst.....</b>                  | <b>61</b> |
| <b>6.4.2 Deponering og økseskaft .....</b>                | <b>63</b> |
| <b>6.4.3 Samansetjing av depot .....</b>                  | <b>64</b> |

|   |           |
|---|-----------|
| <b>6.5 Samanfatning.....</b>                        | <b>66</b> |
| <b>7. Avslutning .....</b>                          | <b>68</b> |
| <b>7.1 Konklusjonar .....</b>                       | <b>68</b> |
| <b>7.2 Avsluttande tankar og vegen vidare .....</b> | <b>70</b> |
| <b>8. Litteraturliste .....</b>                     | <b>70</b> |
| <b>11. Appendix .....</b>                           | <b>81</b> |

## ii. Figurliste

|  |            |
|--|------------|
| <b>Figur 1: Depotfunn frå Lunde, Vindafjord.</b>   | <b>1</b>   |
| <b>Figur 2: Lurane frå Revheim på Arkeologisk museum i Stavanger.</b>  | <b>17</b>  |
| <b>Figur 3: Sverd, spydspissar og diverse smykkegjenstandar finn ein i både eldre og yngre BA. Gjenstandar utstilt i Arkeologisk museum i Stavanger.</b>                               | <b>20</b>  |
| <b>Figur 4: Øksedepot i Rogaland frå bronsealder. Kart: ArcMap.</b>  | <b>22</b>  |
| <b>Figur 5: Kart av Orre, Klepp kommune, som ligg ved Rogalandskysten.</b>   | <b>23</b>  |
| <b>Figur 6: Kart av Idse, Strand kommune, som ligg i ein fjordarm i Boknafjorden.</b>  | <b>23</b>  |
| <b>Figur 7: LN/EBA to- eller tre-skipa hus, flintsigder og type I-dolkar.</b>  | <b>25</b>  |
| <b>Figur 8: Distribusjon av gravhaugar på Jæren.</b>   | <b>26</b>  |
| <b>Figur 9: Diagram som viser prosentvis inndeling av depotfunnkontekstar i Rogaland.</b>  | <b>27</b>  |
| <b>Figur 10: Utsikt frå Fluberget mot Revheimsmyra. Øksa var funne i hjørnet ved vegkrysset, slik figuren illustrerer.</b>   | <b>28</b>  |
| <b>Figur 11: Gjennomgang av materiale på Arkeologisk museum i Stavanger.</b>   | <b>31</b>  |
| <b>Figur 12: Periodedaterte økse-gjenstandar fordelt utover bronsealderen. Støypeformene er inkludert under holkøks.</b>   | <b>33</b>  |
| <b>Figur 13: Leirformer før og etter bruk ved eksperimentell bronsestøyping, i undervisningssamanheng.</b>   | <b>36</b>  |
| <b>Figur 14: Slik kan ei støypeform sjå ut (S4660).</b>  | <b>38</b>  |
| <b>Figur 15: Øksa S3664.</b>   | <b>39</b>  |
| <b>Figur 16: Helleristningsfelt på Austre Åmøy, Felt I.</b>  | <b>40</b>  |
| <b>Figur 17: Irregulær dekor på B10999.</b>  | <b>41</b>  |
| <b>Figur 18: Øksa 10300A (29 cm.) sett i forhold til øksa S5030 (10.2 cm.). Sjølv om dei danske kultøksene er større, og meir dekorerte, er øksene frå Lunde framleis imponerande.</b> | <b>42</b>  |
| <b>Figur 19: Randlistøks med filespor i eggen (S424).</b>  | <b>44</b>  |
| <b>Figur 20: S5030, feilstøypt avsatsøks. Øksa er 10,2 cm lang.</b>  | <b>46</b>  |
| <b>Figur 21: Øksa B11805. Ufullstendig støypt, og med dekor.</b>   | <b>48</b>  |
| <b>Figur 22: Tekstileramikk, museumsnummer Ts3867.</b>   | <b>48</b>  |
| <b>Figur 23: Holkøks med filespor i eggen (B4935).</b>   | <b>49</b>  |
| <b>Figur 24: S9198, truleg kleberstein.</b>  | <b>51</b>  |
| <b>Figur 25: S2432, truleg rombeporfyr.</b>  | <b>51</b>  |
| <b>Figur 26: S2922, truleg granitt.</b>  | <b>52</b>  |
| <b>Figur 27: Nakkebøyd porfyrøks med moderne skraper (S6680a).</b>   | <b>53</b>  |
| <b>Figur 28: C1645, Randlistøks.</b>   | <b>93</b>  |
| <b>Figur 29: S4010, holkøks.</b>   | <b>99</b>  |
| <b>Figur 30: S6463, holkøks.</b>   | <b>104</b> |





### iii. Tabelliste

|  |           |
|--|-----------|
| <b>Tabell 1: Kronologi for sein-neolittikum og bronsealder.</b>  | <b>4</b>  |
| <b>Tabell 2: Oversikt over materiale og tal på depotfunn frå Rogaland.</b>   | <b>14</b> |
| <b>Tabell 3: Oversikt over materiale og gjenstandskombinasjonar som opptrer i samansette depotfunn i Rogaland.</b> | <b>16</b> |
| <b>Tabell 4: Oversikt over alle depotfunn frå Rogaland datert til EBA.</b>   | <b>19</b> |
| <b>Tabell 5: Oversikt over alle depotfunn frå Rogaland datert til YBA.</b>   | <b>19</b> |
| <b>Tabell 6: Øksene og støypeformene fordelt på ulike periodar.</b>  | <b>21</b> |
| <b>Tabell 7: Enkel oversikt over heile økseaterialet.</b>  | <b>32</b> |
| <b>Tabell 8: Øksene fordelt på ulike periodar.</b>   | <b>32</b> |
| <b>Tabell 9: Grov oversikt over forhistoriske bruksspor på øksene og formene</b>                                   | <b>56</b> |

## 1. Innleiing

Bronsealderen i Rogaland er ein periode med praktfulle funn, som øksene frå Lunde med forseggjort spiraldekor (S 10999, S10300A-B), og bronselurane frå Revheim (S1880). Slike funn er ofte depotfunn – funn der gjenstandane har vorte nedlagt i jord, myr, vatn og elvar (Bl.a. Stjernquist, 1963; Johansen, 1993; Melheim, 2006; Henriksen, 2014; Visser, 2021). Desse funna har ofte ein høg verdi, og har vorte nedlagt i Europa og i Skandinavia i perioden (Harding, 2000, s. 352; Visser, 2021). Deponering som fenomen strekk seg attende til yngre steinalder (Kaul, 2003; Larsson, 2007). Ein har tolka depotfunn som både handelsforråd, bortgøymde skattar for seinare opphenting, offer til gudane, og krigsbytteoffer (Worsaae, 1865 og 1881; Müller, 1891). Depotfunn er ein funnklasse som er mykje forska på, men vi forstår likevel lite om handlingar og førestillingar knytt til nedlegging av depot (Harding, 2000, s. 352). Økser er ein av gjenstandane vi finn hyppigast i depot, og dei deponerast gjennom heile bronsealderen. Øksene er varierte i perioden: somme er spektakulære, medan andre er enkle (Johansen, 1993, s. 162-168; Engedal, 2010, Appendix s. A.11-A.18). Ein kan spørje seg kva motivet for å deponere økser er, og om ein gjennom øksene kan sjå hovudtrekk i depotpraksis.

Oppgåva omhandlar depotfunn i Rogalands bronsealder (1700-500 f.Kr.), og særleg økserelaterte depot som vil undersøkast i ei gjenstandsanalyse. Eg har nytta eit biografisk perspektiv, og nytta agensteori i diskusjonen. Som utgangspunkt for gjenstandsanalysen har eg utarbeida ei liste over depotfunn frå Rogalands bronsealder. Analysen inkluderer undersøkingar av bruksspor og støypespor på økser og støypeformer. Dei ulike materiala og gjenstandane som førekjem i depotfunn i Rogaland er også presenterte, men desse har ikkje vore gjennomgått i ei gjenstandsanalyse. Eg vil likevel inkludere desse då det gjer ei brei oversikt over depotmaterialet.

Å fokusere særleg på øks materialet er hensiktsmessig då ein finn mest økser i depotfunn, og dei fordeler seg på alle periodar i bronsealder. Øksene har vore ei mangesidig gjenstandsgruppe med stor variasjon i bruksområde og utforming. Ved å undersøke øksene kan vi sjå på bruk, støyping, dekor og material. Dette kan appliserast til depotfunn også, då andre funn enn øksene er av stein og metall, har dekor, og har vore bruksgjenstandar. Dermed kan øksene vere representative for depotfunn generelt.

Mykje er skriva om depotfunn, men ein diskuterer framleis motivet bak. Ei materialanalyse av deponerte økser frå Rogaland er heller ikkje gjort før – difor er det også vald som utgangspunkt for oppgåva.

Målet med oppgåva er å undersøke øksene sine særegenheiter som representasjon av større tendensar i depotmaterialet frå Rogaland i bronsealder. Eg har vald å utføre ei gjenstandsanalyse, då det vil avsløre handlingar knytt til øksene før og under nedlegging. Det er naturleg å nytte biografi-perspektivet i oppgåva, då dette skapar ei handlingsrekkefølge for dei observerte handlingane frå analysen. Det kan belyse deler av

depotfunn-praksisen vi veit lite om. Agensteori vil også verte nytta på øksene i oppgåva, då denne kan brukast til å forstå *kvifor* øksene har vorte handsama slik dei har. Gjennom å bruke agens som forklaringsmodell kan vi sjå kvifor biografien er slik han er.

Rogaland er vald som analyseområde for oppgåva. Det er eit område med rike bronsealderfunn i norsk samanheng, og området er knytt til den Europeiske bronsealder-kulturen. Rogaland er eit kystfylke, og nærleik til sjø har vore viktig i forhold til handel og kulturell påverknad. Via sjøvegen har ein hatt god kontakt med kontinentet (Jensen, 2013, s. 457-458).

### 1.1 Bronsealder og økser i Europa og Skandinavia

Denne delen greier kort ut om bronsealderen, og kva rolle øksa hadde i bronsealder-samfunnet. Dette gjer eit grunnlag for forståing av øksa, som vert nytta i vidare tolking av øksa i kapittel 6.

Det skjedde store omveltingar ved inngangen til bronsealderen, både økonomisk og politisk. Frå inngangen av neolittikum (4000-1700 f.kr.) vart folk meir bufaste. Dette resulterte i ein kulturpåverka skog. Denne prosessen byrja i tidleg-neolittisk tid, og vart fullført mot slutten av bronsealderen (Simonsen og Prøsch-Danielsen, 2005, s. 7). Når bronzen byrja å komme nordover i Europa, førte det med seg sosiale og politiske endringar, som førte til eit meir hierarkisk samfunn (Nordenborg Myhre, 1998, s. 50; Kristiansen, 2007, s. 73; Artursson, 2009, s. 230). Vi kan observere ein felles-Europeisk bronsealder-kultur gjennom eit felles symbolspråk på helleristningar, bronsegjenstandar og dekor (Jensen, 2013, s. 457-458). Bronsealder-kulturen kan observerast i sørlege delar av Noreg, men bronsegjenstandane er få. Sjølv om Noreg er rikt på metall i form av naturlege kopar-, gull- og sølvførekomstar, er få metallgjenstandar bevarte frå bronsealderen: rundt 800 funn fordelt på 1200 år (Melheim, 2013, s. 24). Det er dermed mindre bronsefunn frå Noreg enn andre område i Europa og Skandinavia.

Handel frå nord-Jylland over Skagerrak til Rogaland vart viktig. Ein byrja å importere flintdolkar frå Jylland, og moglegvis bronselurar. Eit dansk par bronselurar liknar bronselurane funne på Revheim i Rogaland (Nordenborg Myhre, 1998, s. 38 og 55). Dette er også eit teikn på kontakten mellom Rogaland og Jylland i perioden. Det er blant anna denne handelskontakten som har gitt Rogaland kontakt med kontinentet og gjort Rogaland til eit av fylka i Noreg med mest praktfulle gjenstandar, graver, helleristningar og gardar frå bronsealder (Prescott, Sand-Eriksen og Austvoll, 2018, s. 181).

I og med at ein har ein liknande materiell kultur både i Skandinavia og i andre delar av Europa i bronsealder, vil eg nytte Skandinaviske og Europeiske kjelder i tillegg til norske.

Øksa i bronsealder i Europa og Skandinavia vart brukt til rydding av skog (Prøsch-Danielsen og Simonsen, 2000), og trea som vart rydda har vorte brukte til ved, bygging av skip, hus og forming av anna treverk. Bygging av langhus var eit av dei viktigaste bruksområda for tre i perioden (Løken, 1998; Børsheim, 2005). Bronsealder-økser har vore tolka som våpen (Shetelig, 1930, s. 59-60; Fyllingen, 2003; Meller, 2017) og rituelle objekt (Vandkilde,

1996, s. 267). Øksa vart også avbilda på helleristningar i BA i Sverige (Holmberg, 1848; Lindblad, 2011; Jensen, 2013, s. 437), i tidlegare Østfold fylke (Mandt og Lødøen, 2004, s. 285-286) og Rogaland fylke (Kjeldsen, 2017, s. 99-100; Høgestøl, Prøsch-Danielsen og Walderhaug, 2018, s. 26-27; Digitalt museum, Sf38364). Øksa hadde eit variert bruksområde, og trer fram som ein viktig aktør. Øksa som reiskap har tilrettelagt for somme endringar vi ser i perioden, og har vore med på den gradvise endringa av miljøet gjennom bronsealderen.

## 1.2 Problemstillingar

Hovudmålet med oppgåva er å analysere det deponerte øksematerialet frå Rogaland i bronsealder i eit biografisk perspektiv, og tolke det gjennom agens.

Hovudproblemstilling er:

### **Kan ei analyse av deponerte økser frå bronsealderen i Rogaland kaste ljøs over hovudtrekk ved deponeringspraksis i regionen?**

Fire underproblemstillingar utdjuvar og svarer på hovudproblemstilling.

Dei er som følger:

Underproblemstilling 1: Kva gjenstandar inngår i depotfunn i Rogaland i bronsealder, og kva mønster og handlingar kan observerast i materialet?

Underproblemstilling 2: Kva kjenneteiknar konteksten dei deponerte øksene frå bronsealder i Rogaland har vorte nedlagt i?

Underproblemstilling 3: Kva er felles for det deponerte øksematerialet, og kva er særlege med dei ulike øksetypene deponert i Rogalands bronsealder?

Underproblemstilling 4: Kva hendingsforløp leder opp mot nedlegging, og kva årsaker kan ha vore bak at økser vart deponert i bronsealderen i Rogaland?

Desse underproblemstillingane er valde for å få eit så vidt overblikk over fenomenet som mogleg, utan at omfanget vert for stort for oppgåva.

## 1.3 Avgrensing og omgrepsavklaring

I denne delen vil eg avklare omgrepsbruk og avgrensing i tid og rom, og grunnje desse.

### 1.3.1 Avgrensing i tid og rom

Kronologien nytta i denne oppgåva vil vere Helle Vandkilde sin kronologi for bronsealder (Vandkilde, 1996, s. 163-175).

|         |      |       |      |       |        |       |      |    |
|---------|------|-------|------|-------|--------|-------|------|----|
| Periode | SN I | SN II | BA I | BA II | BA III | BA IV | BA V | VI |
|---------|------|-------|------|-------|--------|-------|------|----|

|              |               |               |               |               |               |              |             |             |
|--------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|--------------|-------------|-------------|
| År<br>(f.kr) | 2350-<br>1950 | 1950-<br>1700 | 1700-<br>1500 | 1500-<br>1300 | 1300-<br>1100 | 1100-<br>900 | 900-<br>700 | 700-<br>500 |
|--------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|--------------|-------------|-------------|

**Tabell 1:** Kronologi for sein-neolittikum og bronsealder.

Eg har i tillegg til bronsealder (BA) tatt med sein-neolittikum (SN). Denne kronologien vil brukast i oppgåva i referanse til import og bruk av bronse i Skandinavia, før BA. Det er seks periodar i nordisk BA, der fyrste periode startar rundt 1700 f.Kr. (Tabell 1). Eg har vald å avgrense til bronsealder og ikkje tatt med gjenstandar datert til overgangen SN-BA. Somme steinøkser med datering mellom SN og periode I, vert då ekskludert. Det kan potensielt vere ein del av desse, men dei er vanskelege å typologisk datere. I tillegg ville det vore for omfattande for oppgåva å inkludere funn frå SN i tillegg til BA.

Analysen av øksene og økseformene er eksklusivt funn frå Rogaland. Somme av desse vert oppbevarte på andre museum i andre fylke. I tillegg til funn frå Arkeologisk museum i Stavanger er somme funn oppbevarte på Universitetsmuseet i Bergen og Kulturhistorisk museum i Oslo. Eg har vald å avgrense oppgåva til Rogaland, då det er eit funnrikt fylke i forhold til andre fylke i Noreg når det kjem til metallfunn frå bronsealder. Dette inkluderer øksefunn. Somme av funna er spektakulære, og unike for Rogaland i bronsealder. Rogaland skil seg dermed ut i bronsealder i Noreg.

Depot frå Rogaland åleine er ikkje undersøkt i eit eige verk, men mange av depotgjenstandane frå Rogaland er samla i samleverk (Johansen, 1993; Engedal, 2010). Eg har laga ei oppdatert liste over depotfunn frå Rogaland, samt gjort ei materialstudie av øksedepot frå Rogaland, som ikkje er gjort før. Dette gjer det mogleg å løfte fram ny kunnskap.

### 1.3.2 Depotfunn som omgrep

Depotfunn er ein funnkategori innan arkeologi som er definert av at funna ikkje har hovudtilknytning til grav eller buplass. I tillegg er funna intensjonelt nedlagte i mark, myr, eller vatn (Bl.a. Stjernquist, 1963; Johansen, 1993; Melheim, 2006; Henriksen, 2014; Visser, 2021).

I tillegg har depot-omgrepet tradisjonelt vorte brukt om funn samansett av to eller fleire gjenstandar, men i seinare år har ein inkludert enkeltfunn (Henriksen, 2014, s. 36). Det kan påvisast likskapar mellom enkeltfunn og samla funn. Til dømes kan ein sjå på funntypar og funnforhold. Ddesse tyder på at også enkeltfunn har vorte deponert med hensikt (Mandt, 1991, s. 431; Lørdøen, 1995, s. 99-100; Groseth, 2001, s. 21ff; Henriksen, 2014, s. 37). Når eg nyttar depotfunn-omgrepet i oppgåva, vil det inkludere enkeltfunn.

I forhold til kontekst vil eg framstille nokre punkt for å skilje ut depot i mitt materiale (sjå kap. 3). Enkelte kontekstar kan likevel vere problematiske, og eg vil kort gjere greie for desse. Eg har vald å inkludere røys som kontekst, men ekskludere buplass. Då eg i oppgåva vil undersøke dei depotfunna ein har mest av, nemleg depotfunna nedlagt borte frå grav og

buplass, har eg ekskludert buplassfunn. Dei som er nedlagt på buplass kan ha hatt ei anna betydning, då dei har ein annan kontekst. Samstundes kan det vere usikkerheit rundt funn frå buplass, då det i mange tilfelle er vanskeleg å avgjere om dei er intensjonelt deponert eller ei.

Røys er ein annan kontekst som kan vere problematisk. Røys som kontekst er diskutert i kap. 4, men eg har vald å ta med røyser trass i at desse kan minne om gravrøyser. Hans Bolin (1998) skriv om rituell bruk av røyser i Norrland i bronsealder at fenomenet røyser utan openberr gravkontekst kan observerast i heile sør-Skandinavia. Bolin meiner at desse røysene bør verte sett på som rituelle monument som delvis kan ha vore meint til å verte aktivert med deponering av små mengder bein (Bolin, 1998, s. 8-9, 14). I depotmaterialet innsamla frå Rogaland er det ingen røyser med menneskebein, noko som tyder på at desse ikkje har vore nytta som grav i den forstand at det er ein siste kvileplass for eit menneske. Ein veit at funn frå røys er intensjonelt nedlagde, noko som er usikkert med buplassfunn.

#### 1.4 Struktur på oppgåva

Eg har gått gjennom materialet og laga ei oversikt over kva gjenstandar ein finn i depot i Rogaland, for å svare på underproblemstilling 1. Oversikta vil verte gjennomgått i kapittel 4. Spørsmålet om kontekst vil også undersøkast der, og diskuterast i kapittel 6. Øksematerialet vil framsynast og diskuterast i kapittel 5 og 6. Kva hendingsforløp som leder opp til nedlegging og årsaker bak nedlegging er spørsmål som også vil diskuterast i kapittel 6. I kapittel 7 vil konklusjonar om depotpraksis presenterast, og avsluttande tankar leggjast fram.

## 2. Forskingshistorie

Depot er mykje forska på. Funnkategorien har ei omfattande forskningshistorie, som er gjennomgått av blant andre Johansen (1993) og Henriksen (2014). Eg vil referere til desse for ein djupare gjennomgang av forskningshistoria. I denne oppgåva vil heller ein enkel gjennomgang av depotfunnforskinga vere hensiktsmessig. Det vil og vere relevant å sjå korleis teoriane rundt depot vart utvikla, slik at ein veit kvar forskinga står i dag, og kvifor.

### 2.1 Frå evolusjonistisk,- til post-prosessuell arkeologi

Det var på slutten av 1800-talet at gjenstandsfunn i myrer i Danmark førte til at depot som fenomen vart erkjent (Johansen, 1993, s. 16). I byrjinga meinte ein at gjenstandane var tilfeldig mista eller spor etter drukna krigarar (Worsaae, 1858, s. 7). Den fyrste som hevda at denne typen funn var intensjonell var Conrad Engelhardt. I 1863 skreiv Engelhardt i sitt verk om myrfunna i Thorsbjerg frå jernalder at funna hadde vorte deponerte i myra med ein viss orden (Engelhardt, 1863, s. 14).

Jens Jacob Asmussen Worsaae la i 1865 fram ein teori på intensjonen bak nedlagte funn. I Danmark hadde ein funne intensjonelt nedlagde gjenstandar frå jernalder, som vart øydelagde før nedlegging. Worsaae sin teori gjekk ut på at ein hadde ofra gjenstandane til høgare makter (Worsaae, 1865, s. 53-57). Offerteorien vart dermed født.

Forskaren Sophus Müller var ueinig med Worsaae. Han meinte ulike motiv låg bak. I 1876 kritiserte han offerteorien. Han likte ikkje at denne var gjort gjeldande overfor alle funn av denne typen (Müller, 1876, s. 89). Müller oppdaga også fleire kriterium for funngruppa (Müller, 1876, s. 85-86), då han observerte eit skilje mellom gravfunn og intensjonelt nedlagte funn. Somme gjenstandar fantes nærast utelukkande i graver, og andre utelukkande i nedlagte funn (Müller, 1876, s. 7).

Worsaae holdt fast ved den religiøse tolkinga. Han skreiv i 1881 ei bok om Nordens historie. Han skreiv at nedlagte funn var teikn på gilder avholdt for gudane (Worsaae, 1881, s. 122), og offer til gudane etter kamp (Worsaae, 1881, s. 128). I denne publikasjonen utvida han forklaringsteoriane sine. Han meinte at ein kunne ha gøymd bort kostelege gjenstandar for å ha det som pengelager. Likevel meinte han at det var for mange av funna som hadde for store likskapar, og var funne i eit for stort antal til at det kunne vere pengelager (Worsaae, 1881, s. 95). Ein byrja å utvikle ulike forklaringsmodellar på intensjonen bak nedlagte funn.

Müller var den fyrste til å setje depotfunn i system då han skilde mellom sakrale og profane nedleggingar (Müller, 1886). Han sette opp retningslinjer, og ifølge desse måtte ein tolke funn i våtmark som sakrale, og funn i tørrmark som profane (Müller, 1886, s. 269-275). Artikkelen var viktig innan depotforskning i Skandinavia. Dette fordi Müller i artikkelen testa offerteorien opp mot andre tolkingar, og skapte eit vitenskapelig grunnlag for teorien sin relevans innan faget (Henriksen, 2014, s. 41).

Denne tidlege forskinga var byrjinga på ein debatt som framleis er pågåande; debatten om motivet bak deponering.

Müller haldt fram med sitt arbeid med nedlagde funn. Sjølv om han i utgangspunktet kritiserte offerteorien innrømte Müller at somme funn ikkje hadde ein tilsynelatande praktisk funksjon. Då kunne offerteorien appliserast (Müller, 1891, s. 43). Det var dei profane tolkingsmodellane som var utgangspunktet for tolking av depotfunn, og fråvær av det profane som rettferdiggjorde ei sakral tolking.

På byrjinga av 1900-talet, i den kulturhistoriske perioden av arkeologifaget, vart offerteorien oppfatta som ei norm blant arkeologane i Skandinavia. Dette var mellom anna pga. Anathon Bjørn (1924,1926) som, gjennom nedlagte halsringar og små bronsefigurar frå YBA, hadde argumentert for dyrking av ein kvinneleg guddom. Fleire depotfunn vart oppdaga, og dette gjorde det tydeleg at Müller sine inndelingar i sakrale og profane funn ikkje passa alle funn (Gjessing, 1945, s. 440; Ingstad, 1961, s. 23; Henriksen, 2014, s. 54).

Den «nye arkeologien» fekk sitt inntog rundt 1960, og hadde ideal om logisk positivisme (Earle et al., 1987, s. 501). Logisk positivisme ville kvitte seg med ikkje-empiriske element. Til då hadde ein diskutert bakgrunnen for deponeringane mykje, særleg religiøse element. Den positivistiske tenkinga gav ikkje rom for dette. Dermed vart offer-omgrepet kritisert. Funngruppa hadde mange omgrep knytt til seg, men Berta Stjernquist forsøkte å samle dei. Ho lanserte «depot» som omgrep for dei ulike funna som var hamna utanføre grav og buplass i jord, våtmark og i tilknytning til steinar, og såg ingen grunn til å skilje mellom offerfunn og depotfunn (Stjernquist, 1963; Henriksen, 2014, s. 62). Dette passa den positivistiske tenkinga, då ein kunne unngå å skilje mellom ulike motiv bak nedleggingane, og heller fokusere på empirien.

Den post-prosessuelle retninga innan arkeologien vaks fram på 80-talet. Post-prosessualismen opna for mangfald, slik at ein kritisk kunne vurdere aksepterte dogme (Olsen, 2014, s. 60). Ein vart igjen engasjert i depot. Dei vart sett i eit anna ljus, då det igjen vart meir fokus på religiøse aspekt ved arkeologien.

I Noreg fekk depotfunn merksemd i ei doktorgradsavhandling av Øystein Kock Johansen (1993), då denne gav ei samla oversikt over depotfunn i Noreg (Johansen, 1993, s. 38). Johansen inkluderte enkeltfunn i depotkategorien. Fram til då var depot for det meste brukt om samansette funn, og var til dels einstyddande med offerfunn (Henriksen, 2014, s. 36-37). Depotfunn fann nytt engasjement grunna dei religiøse konnotasjonane ein hadde til funngruppa, og dette var i tråd med Johansen sin konklusjon om at depotfunn best lot seg tolke som votivfunn (Johansen, 1993, s. 115). I denne perioden var det dermed høgt fokus på det religiøse ved depot, og det er dermed naturleg at offerteorien fekk godt fotfeste.

I denne perioden undersøkte ein også øksene i større grad, og Vandkilde (1996) tolka blant anna bronseøkser som meir kulturelt og *rituelt* verdifulle enn steinøkser (Vandkilde, 1996, s. 267). Ho undersøkte metallbruk i overgangen SN-BA i Danmark. Når ein byrja å bruke bronse i Danmark, støypte ein mest økser, og lite anna. Vandkilde meinte at det var integreringa av bronse inn i sosiale kontekstar som skapte eit behov for metallgjenstandar.



Vandkilde foreslo at ei gamal kulturell vektlegging på økser vart gjenoppliva ved introduksjonen av bronse. Ho meinte at bronseøksene fekk ein meir ritualisert kontekst enn steinøksene, og dette gjorde bronseøksene meir verdifulle enn dei alt var (Vandkilde, 1996, s. 267).

Vandkilde foreslo at moglegheita for metalløksene i byrjinga var lokaleigde, eigedommen til det lokale samfunnet, medan individ berre kunne oppnå retten til å bruke denne (Vandkilde, 1996, s. 269). Dette endra seg etter kvart, meinte Vandkilde, då øksene i større grad vart eigedom til individ (Vandkilde, 1996, s. 269). Dette viser at idear om øksa ikkje var statiske i bronsealder.

Lene Melheim (2006) undersøkte depot og graver frå bronsealder i Aust-Noreg i tråd med engasjementet rundt religion. Ho ville undersøke kosmologi. Ho konkluderte med at deponering har vore med på å oppretthalde kosmos for bronsealdermenneska. Fysisk reproduksjon av menneskeheita og sikring av grøde var sentrale gjeremål som deponering var meint å ivareta (Melheim, 2006, s. 138). Melheim tolka deponering som eit viktig ritual for verdsbiletet til dei samtidige, sjølv om ein ikkje kunne vite kva som gjorde at ein deponerte.

I nyare tid har det vorte eit fokus på det materielle i arkeologien, og ein vende seg blant anna bort frå symbolsk meining og oppfatning (Johnson, 2010, s. 220-224; Vannini, 2015). Ein kallar det «den materielle vendinga» - ein periode der ein fekk ei ny interesse for den fysiske verda. Bjørnar Olsen meiner at det var like fundamentalt som tidlegare paradigmeskifte (Olsen, 2012, s. 14). Den materielle vendinga oppfordrar til ein annan måte å studere depot på, gjennom erkjenninga av at gjenstandar sjølv kan ha agens. Dette gjer at gjenstandsbiografiar har vorte meir vanlege i nyare tid.

Merete Moe Henriksen (2014) fokuserte på biografiar og agens i si avhandling om våtmarksdepot frå Midt-Noreg, der ho kritiserte offerteorien. Ho brukte gjenstandsbiografiar og agensomgrepet for å belyse deponering som praksis, framfor å ta utgangspunkt i dei etablerte kategoriane. Ho ville sjå nærare på korleis teorien har sett preg på vår forståing av det rike materialet som er i depotfunnkategorien. Ho konkluderte med at depotfunnkategoriane i stor grad er eit produkt av nyare tid.

Ein har halde fram med å bruke ei religiøs tolking av depot i nyare tid, eller unngått teoriar for å tolke depot. Ein har også diskutert om offerteorien burde få så mykje fokus som forskingshistoria tyder på at han har. I tillegg har ein i større grad starta å tolke gjenstandar som økser på ein meir nyansert måte.

## 2.2 Diskusjon av forskingshistoria

Tolkinga av depot har endra seg over tid. Ein kan tydeleg sjå at ein har gått att og fram med å legge hovudvekt på å tolke depotfunn som eit ledd i ein sakral samanheng (Jf. Worsaae, 1865; Johansen, 1993; Melheim, 2006), eller å basere tolkinga på det profane når det kjem til denne funnkategorien (Jf. Müller, 1891; Vandkilde, 1996).

Durkheim vert gjerne kreditert som den første som eksplisitt formulerte eit syn på at skiljet mellom sakralt og profant var absolutt (Durkheim 1964, s. 38–39). Det er likevel fleire som har kritisert dette synet i nyare tid (bl.a. Hill, 1995; Pals, 1996, s. 115–116; Brück, 1999; Fontijn, 2002; Bradley, 2005; Kaliff, 2007). Bruken av somme omgrep kan legge føringar for ei analyse. Å nytte omgrep som sakral og profan, impliserer at ein alt har tolka funnet før analysen (Henriksen, 2014, s. 38). Dette er det viktig prøve å unngå.

I dag har vi «depotfunn» som samleomgrep – men linjene mellom funnkategoriar er utydelege. Dette vart blant anna observert då Müller (1886) sine inndelingar for depotfunn ikkje passa alle depotfunna (Gjessing, 1945, s. 440; Ingstad, 1961, s. 23; Henriksen, 2014, s. 54). Det har vore diffuse grenser mellom det vi oppfattar som separate kategoriar, som grav og depot (Nyland, 2003). Eit døme er graver utan kroppar eller menneskebein, som minner om depot, og depot der ein finn gjenstandar ein typisk ville funne i ein gravkontekst (Bl.a. Wangen, 2009; Cooper, Garrow og Gibson, 2020). Likevel er det i YBA vanleg å finne lite menneskebein i gravene, då ein kremerte sine daude i større grad enn før (Melheim, 2006; Wangen, 2009; Jensen, 2013). Gravgoods kan til dømes vere dyrebein og keramikk, som også kan plasserast i depot (Wangen, 2009, s. 143; Harvig, Runge og Lundø, 2014, s. 81). Dette er noko som gjer eit uklart skilje mellom grav og depot. Dette kan observerast innad i depotgruppa også. Ein har kategoriar og tolkingsmodellar som har vorte ei norm, men som kanskje ikkje reflekterer fortidige kategoriar. I bronsealder-samfunnet var det truleg ikkje så skarpe skilje mellom profant og sakralt som det vi i dag opererer med. Intensjonane ein knyt til depot, som offer eller pengelager, er kanskje heller ikkje rette å nytte. Biletet er nok meir nyansert.

Omgrepet depot vert ofte sidestilt med offerfunn. Dette gjer omgrepet depot overflødig, om tanken var å nytte eit nøytralt omgrep (Henriksen, 2014, s. 38). Det er tydeleg i forskingshistoria at depotfunn har hatt ein tendens til å vere tolka i retning offerteori, eller så har ikkje intensjonen bak vorte tolka. Ei tru på høgare makter noko menneska har hatt i lange tider. Å avfeie ei slik tolking av depotfunn heilt, vil vere uheldig. Problemet er at ein tolkar alle depotfunn likt, om ein tolkar dei.

Vi bruker likevel omgrep som er gamle, som offer, profan, sakral, osv. Det er viktig å tenke på at vi har ei forskingsarv som avgrensar tenkinga vår, og legger opp til ein viss tankegang. Gjennom mi undersøking av økser frå depot frå Rogaland i bronsealder vil eg undersøke om biletet er meir nyansert. Den eldre forskinga rundt depotfunn er prega av eit anna syn på forholdet mellom menneske og ting. Gjenstandane var passive objekt. Ingen av dei gamle teoriane for depot tek høgde for at gjenstandane kan ha hatt ein agens som førte til at gjenstanden vart deponert. Dermed vil mi oppgåve kunne bidra til å vise nyansane i tolking av depot.

### 3. Metode og teori

Dette kapittelet gjer greie for oppgåva sitt metodiske og teoretiske rammeverk. Korleis eg har gjort utval av depotfunn vert presentert fyrst. Deretter vert framgangsmåte ved analysen presentert. Depotfunna har vorte analyserte gjennom ein biografisk gjennomgang av materialet og ved å nytte agensteori, som er presentert til slutt.

#### 3.1 Kriterium for utval

Oppgåva baserer seg på ei gjenstandsanalyse av deponerte økser. For å velja ut materiale til analysen har eg vurdert ut frå desse punkta:

1. Intensjonell nedlegging
2. Funnkategoriar som hovudsakleg tilhøyrar depot
3. Kontekst
4. Funn frå våtmark
5. Patina
6. Ekskludering av buplassfunn

Jf. punkt 1 kan ein sjå på korleis gjenstanden er lagt ned for å sjå om dei er lagt ned intensjonelt. Somme depotfunn har vorte demontert før nedlegging, til dømes (S1880, Unimus). I tillegg kan gjenstanden verte plassert rett opp og ned i jorda, nesten som om gjenstanden har blitt stukke ned med hensikt (t.d. S4563, Unimus). Om ein også finn fleire funn saman er det depotfunn det er snakk om, sjølv om enkeltfunn også er tolka som depotfunn (Jf. kap. 1.2.3). Kontekst vil òg i somme tilfelle vise intensjonell nedlegging, då til dømes gjenstandar funne i røys ikkje vil vere tilfeldig mista. Demontering, plassering, kontekst og mengde funn er dermed noko eg vil sjå etter.

Somme gjenstandstypar er knytt til depotfunn-kategorien. I følge Johansen (1993) kan ein sjå eit skilje i korleis gjenstandar fordeler seg på depot og graver. Bronsehalsringar finst berre i depot, og spydspissar er i hovudsak frå depotfunn (Johansen, 1993; Jensen, 2013). Det er få funn av spyd i grav, så spydfunn vil i hovudsak tilhøyra depotfunnkategorien. Armringar av gull finn ein i graver og depot. Øksene i BA er funne i både graver og depot. Skafthølsøkser, avsatsøkser og randlistøkser høyrer eksklusivt til depot, medan holkøkser og støypeformer till holkøkser kan finnast i både graver og depot. Dei er likevel i hovudsak i depot, og sjeldan i graver (Johansen, 1993, s. 88-89). Melheim skriv i tillegg at støypemateriale, som støypeformer, er oftare funne i depot enn i graver (Melheim, 2006). Økser er ei funngruppe som ofte vert nedlagt i depot, og sjeldan nær buplass eller i grav (Johansen, 1993, s. 88-89). Dette viser at ein kan tolke dei fleste økser som depot.

I forhold til kontekst, bør depot funne i nærleiken av graver eller i jordbruksområde verte vurdert i forhold til omgjevnadane. Eit funn frå eit jordbruksområde må til dømes sjåast i samanheng med at ein har arbeidd med jorda i området. Om det har vore graver i området frå same periode, men desse har vorte fjerna, kan funnet ha vorte flytta frå ein kontekst til ein annan. Om det likevel er depot i nærleiken av grav, men grava er urørt, kan dette tale for ei depot-tolking. Om det dermed er detaljerte skildringar av deponerings-stad vil desse verte nytta i tolkinga.

Nedleggingar i våtmark i forhistorisk tid i Skandinavia og Europa tyder på at våtmark har hatt ein særleg status som nedleggingsstad (Bradley 1998; Koch 1998; Harding 2000; Jørgensen et.al. 2003). Difor vil funn frå våtmark verte tolka som depotfunn, då det viser til intensjonell nedlegging, og intensjon om å ikkje hente gjenstandar igjen.

I dette materialet vert både elv, innsjø og myr inkludert i våtmarksomgrepet. I tillegg vil myrpatina tyde på at funnet fyrst vart nedlagt i våtmark og dermed kan tolkast som depot. Gjenstandar frå våtmark utviklar ofte myrpatina, det vert ei brunleg overflate på gjenstandar frå våtmark (Fontijn, 2002, s. 40).

Buplassfunn er ekskludert frå denne oppgåva då det kan ver vanskeleg å avgjer om dei er intensjonelt deponert eller ikkje (Jf. 1.3.2).

### 3.2 Metodisk analyse - framgangsmåte

Ut i frå punkta framstilt i førre avsnitt har eg laga ein katalog over depotfunn frå bronsealder i Rogaland (appendix 1). Øksene i katalogen har så vorte undersøkt fysisk, både på Arkeologisk museum i Stavanger og på Universitetsmuseet i Bergen. Ei øks eg ynskja å undersøke fysisk var ikkje tilgjengeleg, då gjenstanden var forsvunnen. Etter besøka ved musea har eg funne fleire økser som passa inn i utvalspunkta i avsnitt 3.1. Eg har då gjort analysen digitalt, gjennom tilvekstar og digitale bilete. Dette er gjort med dei andre depotgjenstandane også. Det er noko informasjon ein vil anta har vorte tapt, men dette endrar ikkje hovudtrekk ein kan sjå i øksematerialet.

I analysen av øksene såg eg på:

- a) Bruksspor
- b) Støyping
- c) Funksjonalitet
- d) Forsøk på reparasjon
- e) Skade
- f) Materiale

Dei ovannemnte punkta vart nytta for å danne eit bilete av biografien til øksene. Biografien inkluderer funnkontekst; kva kontekst øksa har vorte nedlagt i, og korleis ho har vorte nedlagt. Eg har nytta digitaliserte tilvekstar sine skildringar av funna og deira funnkontekst (Digitalisert tilvekst: [www.Unimus.no/Portal](http://www.Unimus.no/Portal), <https://digitaltmuseum.no> og Musitdatabasen).

Øksematerialet er datert i digitalisert tilvekst, i tillegg til andre samlingsverk (T.d. Johansen, 1993; Vandkilde, 1996; Engedal, 2010). Eg har difor nytta fleire av desse dateringane i denne oppgåva. Somme dateringar har eg likevel tolka annleis enn tilvekst.

### 3.3 Gjenstandens biografi

Eg vil nytte ei biografisk tilnærming til materialet. Gjennom ei biografisk tilnærming kan ein seie noko om samfunnet gjenstanden vart laga i (Kopytoff, 1986, s. 68).

Ein gjenstandsbiografi vil vere nyttig for å kunne belyse depotskikk. Gjenstandsbiografien vil kunne fortelje om handlingar knytt til økser, og korleis dei har vorte handsama før deponering. Å gå gjennom gjenstandsbiografien vil vise konkrete handlingar som kan inngå i depotskikken.

Tim Dant (2001) skriv at ordet biografi viser til ei reise, med ei byrjing og ein slutt. Når gjenstandar «døyr», er dette synonymt med at dei mister funksjon, eller vert lagt bort – nokre gonger som del av ritual. Gjenstandar vert brukt i det sosiale liv, og då kan studiar av gjenstandar fortelje oss om samfunnsendringar. Gjenstandar har spor etter kulturen dei kjem frå, og dette er grunnen til at vanlege gjenstandar er like informative som praktgjenstandar (Dant, 2001, s. 13-14). Spora på gjenstandane kan fortelje oss det vi vil vite om kva gjenstanden har opplevd, for å belyse situasjonane dei har hamna i.

Kopytoff meiner også at biografi seier noko samfunnet, då han argumenterer for at ting og menneske har liknande biografier (1986). I små samfunn har ting sosiale identitetar som er stabile og endringar i desse er basert på kulturelle reglar. Hendingar i biografien deira skjer ofte innan den sosiale sfæren dei tilhøyrer. Ting som ikkje passar inn i si rolle er ein anomali og vert tatt ut av sirkulasjon, enten for å verte heilaggjort eller å forvisast. Dette gjeld også menneske. I komplekse samfunn har ofte ting og menneske fleire identitetar, som kan vere i konflikt med einannan. Menneske og ting endrar også identitet basert på skifte i kontekst i komplekse samfunn (Kopytoff, 1986, s. 89-90).

Biografien sluttar ikkje etter deponering. Æksa sitt liv før deponering vil likevel vere hovudfokus, då det er denne delen av biografien som kan seie noko om deponeringspraksis. Etter deponering finn vi gjenstandane og klassifiserer dei. Dette igjen kan påverke korleis vi i notida tolkar gjenstandane vi undersøker, når gjenstandane alt er tolka før ein sjølv undersøker dei. Mi analyse av gjenstandane vil også bidra til øksene sin biografi – der mi tolking av øksene vert eit ledd i ein kjede av tolkingar. I tillegg belyser oppgåva øksene si noverande rolle som ei kjelde for forskning og læring.

### 3.4 Agensteori

I oppgåva har eg nytta agensteori i fortolkinga av øksene i det innsamla materialet. Denne vil kunne nyttast som ein forklaringsmodell for bruken og handsaminga av øksene.

Omgrepet agens er frå latin og tyder "verkande". Gjenstandar kan ha påverknad på menneske, og ikkje berre omvendt. Måten gjenstandar er laga, og utsjånaden deira, kan påverke handlingsmønster og skape identitet (Caronia og Mortari, 2015, s. 402-403). Påverknaden av ein gjenstand på menneske er relevant ift. deponering.

Alfred Gell (1998) kasta ljøs på temaet i si bok om visuell kunst. Han skreiv at ein handlingssentrert framgangsmåte er meir antropologisk enn alternativet, for denne er meir opptatt av den praktiske rolla til gjenstandar i ein sosial prosess, heller enn tolking av

gjenstandar som om dei var tekst (Gell, 1998, s. 6). Gell skriv også at gjenstandar står på lik linje med personar, eller sosiale agentar (1998, s. 7). Gell fokuserer dermed på at gjenstandar kan vere agentar på lik linje med menneske, og at aktørar sitt nettverk av sosiale forhold vert bygd opp av agensen til aktøren.

Gell meiner likevel ikkje at agensen til menneske og ting er sidestilt. Gell skiljer mellom primære og sekundære aktørar. Dei primære aktørane, t.d. mennesker, har intensjon og motivasjon, medan sekundære aktørar er ting som ikkje sjølvstendig kan forårsake endring. Sekundære aktørar får sin betydning gjennom dei sosiale relasjonane dei inngår i (Gell, 1998, s. 17–21). Gjenstanden sin agens ligg dermed i handlingar og førestillingar knytt til han. Gjennom assosiasjonar ein dermed har knytt til depotgjenstandar, har dei påverka menneske rundt seg til å verte deponert eller til å bli handsama på ein spesifikk måte før nedlegging.

Materiell kultur kan dermed seiast å tilleggjast ei form for liv, og kan sjåast på som samhandlande med menneske.

#### 4. Presentasjon av det arkeologiske materialet

I dette kapitlet vil eg presentere depotfunna frå Rogaland sin bronsealder og legge fram eventuelle mønster desse syner: Kva gjenstandstypar som vart lagde ned, kombinasjonar av gjenstandar som vart nedlagde, funna gjennom tid og rom, og funnkontekst. Dette vil leggje grunnlaget for forståinga av materialet og for den vidare analysen av depotfunn.

##### 4.1 Gjenstandstypar og gjenstandskombinasjonar

Eg har laga ei samla oversikt over funn eg meiner fell inn under depotkategorien (Appendix 1). Til saman er det 131 gjenstandar fordelt på 75 depot frå Rogaland sin bronsealder, definert etter kriteria satt i kapittel 3. Under vil eg gje ei oversikt over gjenstandane i materialet frå Rogaland, kva gjenstandstypar og gjenstandskombinasjonar som førekjem i dette. Ei enkel oversikt over materialar, gjenstandstypar og tal visast i Tabell 2.

| Gjenstand                   | Tal                             | Materiale      |
|-----------------------------|---------------------------------|----------------|
| Øks stein                   | 5 (4 depot)                     | Stein          |
| Øks bronse                  | 33 (32 depot)                   | Bronse         |
| Dolk flint                  | 23 (13 depot)                   | Flint          |
| Dolk bronse                 | 1                               | Bronse         |
| Eldflint                    | 3                               | Flint          |
| Halsring, armring           | 6 (5 depot)                     | Gull og bronse |
| Spydspiss                   | 6                               | Bronse         |
| Støypeform                  | 5 (4 depot)                     | Kleberstein    |
| Sverd                       | 3                               | Bronse         |
| Leirkar                     | 2                               | Keramikk       |
| Lur                         | 2 (1 depot)                     | Bronse         |
| Avslag                      | 39 (samla depot med flintdolk)  | Flint          |
| Bronsestang (mogleg smykke) | 1                               | Bronse         |
| Bein                        | 1 (funne med gevir, samla funn) | Av pattedyr    |
| Gevir                       | 1 (Funne med bein, samla funn)  | Av hjort       |

**Tabell 2:** Oversikt over materiale og tal på depotfunn frå Rogaland.

Tabell 2 visar at ca. 54% av gjenstandane består av sverd, økser, spydspissar og dolkar, altså våpen/reiskapar med egg. Økser er gjenstandstypen som er mest vanleg i Rogaland sine depotfunn, og flintdolkane er nest mest vanleg. Fleirtalet av depotgjenstandane frå Rogaland er av bronse. Det er eit spenn i materialet ein har brukt til å lage gjenstandane, frå stein til gull. Utanom desse materiala finn ein keramikkskår, delar av eit leirkar og beinfragment.

Dyrebein-funn er sjeldnast i depotskikken i Rogaland. Av materialar er keramikken og beinrestane skjørast av materialet funne. Kanskje har ein deponert meir av desse typane funn, men grunna den skjøre naturen til gjenstandane har desse nok forsvunne i større grad enn materialane som er meir solide, så lenge dei har hatt tilgang på luft. Bevaringsforhold kan variere, også i myr. Til trass for den oppfatning at gjenstandar funne i myr må være ekstra godt bevart, er det fleire faktorar som har noko å seie for bevaring. Forskjellige våtmarksøkosystem har ulike preserveringsforhold, og kjemisk samansetjing, pH, mikrobiologisk samansetjing og fysisk samansetjing spelar ei viktig rolle i preserveringa av gjenstandane etter nedlegging. Menneskeskapte faktorar som tørrlegging av myr, vassuttak og drenering m.m. kan ofte skapa ubalanse i preserveringsforholda, men naturlege fenomen kan også påverke desse. Til dømes endring i klima eller redusert vasstilførsel kan påverke preserveringsforhold, som igjen påverkar tilgangen til oksygen og utviklinga av nedbrytande organismar (Menotti, 2012, s. 226–227; Henriksen, 2014, s. 97). Dårlege preserveringsforhold kan dermed vere ei mogleg årsak til dette.

I Rogaland er det deponert både einskilde funn og fleire gjenstandar samla (Tabell 3). Det er 14 depot i Rogalandsmaterialet der ein har funne fleire enn ein gjenstand. Enkeltvis funn er dermed vanlegast. Av dei gjenstandane som er funne i samla funn er det mest gjenstandar av flint; dolkar, eldflint og avslag. 17 av dei bronsealderdaterte flintfunna er dolkar og 39 er flintavslag, til saman 56 gjenstandar fordelt på sju depot. Ikkje medregna er andre funn i samme depot med annan datering. Det er vidare tre bronsedepot. Eit inneheld to wendelringar, ein type vridd smykke av bronse (C1952, C1953), eit anna inneheld to massive bronseøkser (B10300, B10999), og det siste bronsedepotet inneheld to lurar (S1880). Vidare inneheld eitt av dei samla depota bein og gevir som er lagt ned saman (S13614/1 og 5). Dei vart også funne saman med trekól. I eit samla depot fann ein to nakkebøyde skaftfureøkser av stein, moglegvis av porfyr (6680a og b). Det finst også to klebersteins-støypeformer som er to delar av same form, men som vart funne på ulike tidspunkt (S4660, S7090). Vidare finn ein eit depot med funn av keramikk i form av to skår frå buken til eit kar (S13615/2). Dette siste vart funne i ei røys saman med eit anna buk-skår, ein trebit av furu, og brent bein av pattedyr. Desse er ikkje eksklusivt datert til bronsealder. Dateringa er mellom bronsealder og jernalder, men skåra S13615/2 er daterte til bronsealder (Periode II-VI) i samsvar med H.M.H. Wendelbo si avhandling frå 2020 (Wendelbo, 2020).

Dei samansette funna som er EBA-datert er flintdepota, og bronseøksdepotet (B10999 og B10300). Ca. 57 % av dei samansette depota er dermed frå EBA. Dei gjenstandane som høyrer til i dei samansette depota datert til YBA er bein og gevir, støypeformer, bronselurar, nakkebøyde skaftfureøkser, og wendelringar, ca. 35 % av dei samansette depota. Til slutt er det keramikk-depotet, som har generell bronsealderdatering (S13615). Ca. 18 % av depota er dermed samansette. Sakene vart som regel lagde ned i lag med same funntype, men fem av dei samansette funna er lagt ned med andre funntypar. Ein kombinasjon er S3309; dette er ein samansetning av to flintdolkar og 39 flintavslag frå EBA. Vi har også S4213 med datering til SN og EBA, der S4213a-f er flintdolkar, medan S4213g er ein spydspiss, retusjert av ein flintdolk. I tillegg har vi kombinasjonen flintdolk/skraper, som ein finn i S6335; også denne med datering frå SN til EBA. S7000 har ein interessant kombinasjon på fire flintdolkar, ei flintsigd, og to flintspissar som no er forsvunne. Dette samla funnet har



også gjenstandar frå både SN og EBA. Til slutt har vi S8991 frå SN og EBA, med ein malestein av gneis, ein råknoll av flint og ein flintdolk. Dei samansette funna nedlagt med ulike funntypar er dermed som regel frå EBA, nedlagt med gjenstandar frå SN, og består i hovudsak av flintgjenstandar. Vi ser heller ingen kombinasjon av steingjenstandar og metall i same depot.

| Samansette funn   | Gjenstandar   | Materiale              |
|-------------------|---|------------------------|
| C1952, C1953      | To wendelringar   | Bronse                 |
| B10300a-b, B10999 | Tre kultøkser   | Bronse                 |
| S1880             | To lurar  | Bronse                 |
| S4660, S7090      | Todelt støypeform til holkøks   | Kleberstein            |
| S13614/1-5        | Gevir og dyreknoklar, ubrent  | Bein                   |
| S13615/1-6        | To bitar av buk til kar, eit bukskår til anna kar, trefunn, brent bein av pattedyr. | Keramikk, tre, bein    |
| S3309a-c          | To dolkar og 39 avslag  | Flint                  |
| S4213e            | Seks dolkar og ein spydspiss retusjert frå dolk                                     | Flint                  |
| S6335a-b          | Dolk og skjeforma skraper   | Flint                  |
| S7000a-e          | Fire dolkar, ei sigd, og to spissar. Spissane borte.                                | Flint                  |
| S8991a-b          | Ein dolk, ein malestein av gneis  | Gneis og flint         |
| S6680a-b          | To nakkebøyde steinøkser med skaftfure  | Mogleg porfyr, bergart |
| S42-49            | Sju dolkar  | Flint                  |
| S2919a-d          | Fire dolkar   | Flint                  |

**Tabell 3:** Oversikt over materiale og gjenstandskombinasjonar som opptre i samansette depotfunn i Rogaland. Ikkje alle funn har same datering, så berre somme av gjenstandane i dei samansette funna tatt med i dette materialet.

Det er mogleg at gjenstandane har vore nedlagt over tid, i staden for samstundes, då dei samansette depota inneheld gjenstandar som varierer i datering. Dette kan også vere fordi ein har nedlagt gjenstandar samstundes, som ikkje har lik typologi, men der ein eldre gjenstand har vorte tatt vare på lenge etter han vart laga. Biografien kan dermed vere vanskeleg å fastsette på dette punktet.

Somme av dei samansette funna er datert til to periodar, til dømes S13615, der alle gjenstandane utanom to bukskår er datert til bronsealder og jernalder. Då eg berre har tatt med funn med eksklusiv BA-datering, er det fleire funn som ikkje vert undersøkt i dette kapittelet. Det er greitt å ha i mente når materialet vert vidare undersøkt.

Deponerings-staden kan også ha vore kjent over tid. Om det stemmer kan depotet etter nedlegging ha vorte sett på som noko som haldt fram med å ha effekten ein har tillagt depota, over tid. Ein kan utifrå dette sjå at det minkar på større depot frå EBA til YBA, og at skikken med å legge ned større samlingar med gjenstandar hovudsakleg høyrer til EBA i Rogaland. Økser i depotsamanheng er som regel lagde ned åleine og ikkje samla, men øksene frå Lunde (B10300a og b, B10999) og dei naknebøyde skaftfureøksene (S6680a og b) er unntaket. Elles er det ikkje vanleg med samansette øksedepot.

Unikt for Rogaland er bronselurane funne på Revheim (S1880). Sjølv om ein også har funne eit par fragmenterte lurar i tidlegare Oppland fylke (Melheim, 2006, s. 129), og eit mogleg fragment av bronselur på Hegra, Trøndelag fylke (Stamnes, 2018, s. 9; Henriksen, 2019, s. 8), er lurane frå Revheim unike i Noreg då dei er særst godt bevart. Funn av lurar er vanlegare andre stadar i Nord-Europa, som Danmark, der ein har funne 39 stk. Rundt 24 lurar har også vorte funne fordelt i både Sverige, Nord-Tyskland og Estland (Jensen, 2013, s. 517).



**Figur 2:** Lurane frå Revheim på Arkeologisk museum i Stavanger (Mus.nr: S1880). Foto: Anette Øvreid, Arkeologisk museum i Stavanger.

Det er to beinfunn i det undersøkte materialet, som skil seg ut; ubrente bein av pattedyr (S13614/5), og gevirrester frå hjort (S13614/1). Desse vart funne saman i ei røys på 6,0x4,5m. Ein plattformliknande formasjon var konstruert inne i røysa, og i tillegg var røysa avflata på toppen. Ho var tett anlagt mot to jordfaste steinar. Det vart også funne kolrestar i røysa. Melheim (2006) nemner at ein kan observere spor av eld og kol eller kolstøv i depot. Dette er noko Melheim meiner at kan ha vore ein del av eit innvigslingsritual av deponeringsstaden (Melheim, 2006, s. 77). Det var også fråvær av menneskebein i røysa, så røysa har truleg ikkje ein grav-funksjon slik vi i dag tenkjer på ei grav.

Merete Moe Henriksen (2021) diskuterer ei rituell røys frå Sandbrauta i Trøndelag. I røysa fann ein fragment av menneskebein, men det var så lite av dette at det vart usikkert om det representerte ei grav. Henriksen tolka det som eit gravleggjingsritual, men poengterer fråværet av menneskebein (Henriksen, 2021, s. 41-42). Berre ein liten del av den kremerte hadde blitt plassert i røysa (Henriksen, 2021, s. 53). Ein hadde også deponert gjenstandar både inni og utanføre røysa (Henriksen, 2021, s. 52). Det er dermed knytt ritual til røysene, men kva dei har betydd er uklart. At ein har funne menneskebein i røysene, men i små mengder, skaper også usikkerheit.

Som nemnt av Bolin (1998; kap. 1.3) finn ein beinfragment i rituelle røyser, frå både dyr og menneske. Det var dyrebein i røysa frå Sømme. I tillegg var gravskikken i nordisk EBA vanlegvis inhumasjonsgraver i haugar og røyser. Somme var likevel branngraver, men med brente menneskebein i små gravkammer av stein (Austvoll, 2019). I YBA har ein branngravskikken, der det var vanlegare å brenne menneskebein og plassere dei i keramiske kar eller groper. I periode V gravde ein ned bålrester og bein i groper eller brannflak (Stjärnquist 1961, s. 143). Røysa i dette tilfellet har fleire fellestrekk med rituelle røyser enn med graver frå perioden.

## 4.2 Kronologisk og romleg utbreiing

### 4.2.1 Kronologisk utbreiing

129 av 131 gjenstandar er daterte. Tre av gjenstandane har ei generell bronsealder-datering, og kunne ikkje verte datert nærmare. Desse er ei bronsestang (B2851), ei kleberøks (S9198) og bitar av leirkar (S13615/2). 96 gjenstandar av 131 er frå EBA, som vist i tabell 4.

| Gjenstand    | Stk.          | Materiale |
|--------------|---------------|-----------|
| Flintdolk    | 23 (13 depot) | Flint     |
| Randlistøks  | 7             | Bronse    |
| Avsatsøks    | 8             | Bronse    |
| Holkøks      | 5             | Bronse    |
| Spydspiss    | 4             | Bronse    |
| Eldflint     | 3             | Flint     |
| Skafthølsøks | 4 (2 depot)   | Bronse    |
| Sverd        | 1             | Bronse    |
| Bronsedolk   | 1             | Bronse    |

|         |                                |       |
|---------|--------------------------------|-------|
| Armring | 1                              | Gull  |
| Avslag  | 39 (samla depot med flintdolk) | Flint |

**Tabell 4:** Oversikt over alle depotfunn frå Rogaland datert til EBA.

Av dei 96 gjenstandane frå EBA, er 95 våpen og reiskapar. Funnet som fell utanfor denne kategorien er ein armring i gull. Flintavslaga er som øksene ei fleirsidig funngruppe, då dei kan tolkast som avfall etter reiskapsproduksjon, men har i somme tilfelle vorte brukt som reiskapar sjølv (Fyllingen & Armstrong, 2012, s. 32; Kvæstad, 2012, s. 17; Storrusten, 2012, s. 24). Dei fleste av avslaga i dette funnet har ikkje bruksspor eller retusj. Når flintavslag har retusj, viser det at dei hadde potensiale som seinare reiskap. Makroavslag kan nyttast som emne til tilverking av flateretusjerte pilspissar og kan ha vorte importert som ferdige avslag (Fyllingen og Armstrong, 2012, s. 68, 72). Likevel kan somme av avslaga ha vorte brukt lite, eller til å skjære i myke materialar, som fisk, kjøtt og skinn. Ein slik bruk vil ikkje nødvendigvis setje spor (Henriksen, 2014, s. 191). Fråvær av retusj og bruksspor treng ikkje å bety at flintavslaga ikkje høyrer heime i reiskapskategorien, som dei vart tatt med i her.

Unikt for EBA i Rogaland er flintavslaga, bronsedolken og flintdolkane; desse funntypene finn ein ikkje i YBA. Det ein finn frå YBA er 33 gjenstandar, som vist i tabell 5.

| Gjenstand                   | Stk.        | Materiale                |
|-----------------------------|-------------|--------------------------|
| Holkøks                     | 10          | Bronse                   |
| Støypeform                  | 5 (4 depot) | Kleberstein              |
| Nakkebøyd øks med skaftfure | 2 (1 depot) | Mogleg porfyr            |
| Wendelring                  | 3 (2 depot) | Bronse                   |
| Armring                     | 2           | Gull                     |
| Lur                         | 2 (1 depot) | Bronse                   |
| Spydspiss                   | 2           | Bronse                   |
| Skaftthølsøks               | 2           | Truleg porfyr og granitt |
| Sverd                       | 2           | Bronse                   |
| Bein/gevir                  | 2 (1 depot) | Bein og gevir            |
| Leirkar                     | 1           | Keramikk                 |

**Tabell 5:** Oversikt over alle depotfunn frå Rogaland datert til YBA.

I YBA er 18 gjenstandar av 33 våpen og reiskapar med egg. Det er ein nedgang frå EBA, både i antal depotfunn og antal reiskaper. Unikt for perioden er bronselurane og beinfunn. Ein har i tillegg leirkarskår datert til YBA. Då det er få funn av keramikk i materialet er det vanskeleg å seie om deponeringa av desse er knytt til ein spesifikk periode. Flint som materiale vert ikkje nedlagt i depot i YBA, men kleber, porfyr, og granitt tar over som steinmateriale i depot i denne perioden. I tillegg er det i EBA flintdolkane det er mest av i depot, men i YBA er det holkøksene som opptrer hyppigast i funnkategorien. I Danmark er holkøksene ein av dei mest alminnelege reiskapsformane ein kan finne i YBA. Det er vanleg med holkøkser i Skandinavia og på kontinentet (Jensen, 1997, s. 81-83). I Noreg er

holkøksene den vanlegaste øksetypen, og ein av dei mest talrike funnkategoriane (Johansen, 1993; Engedal, 2010). Dette viser Rogaland si tilknytning til ein større BA-kultur.

I EBA i Rogaland er våpen og reiskapar vanlege å deponere, og er i hovudsak også mest vanleg i andre halvdel. Ein ser likevel ei auking i depot som ikkje er våpenrelaterte i YBA. Ein ser eit skifte i resten av Noreg i YBA; dette gjeld i hovudsak smykke (Johansen, 1993, s. 127-128; Melheim, 2006, s. 65; Henriksen, 2014, s. 145). Spydspissar, smykke og sverd er gjenstandstypar ein kan finne i depot i både yngre og eldre bronsealder, forutan øksene. Då tre funn ikkje er nærare datert, kan ein ikkje seie om fleire gjenstandstypar hadde fordelt seg på begge periodar, men det er ikkje utelukka.



**Figur 3:** Sverd, spydspissar og diverse smykkegjenstandar finn ein i både eldre og yngre BA. Gjenstandar utstilt i Arkeologisk museum i Stavanger. Foto: Sara R. Langvik.

Det er i alt 43 funn som er økserelaterte: dei omfattar både økser og støypeformer til økser. Mesteparten er frå EBA (Tabell 6). Eit funn har vorte datert mellom periode III og IV i tilvekst (S7160, unimus). Eg vil datere øksa til periode III (Jf. Engedal, 2010, s. 92).

Deponerings-frekvensen på økser i Rogaland har gått opp og ned. Ein ser eit liknande mønster i både EBA og YBA, der ein byrjar fyrste og fjerde periode med tilsynelatande høg deponeringsfrekvens, og denne søkk jamt ned til tredje og sjette periode (tabell 6). Oversikten viser òg at ein har brukt økser som depotobjekt gjennom heile perioden.

| Periode | Tal |
|---------|-----|
| Per. 1  | 8   |
| Per. 2  | 11  |
| Per. 3  | 4   |
| Per. 4  | 5   |
| Per. 5  | 4   |
| Per. 6  | 1   |
| YBA     | 9   |
| BA      | 1   |

**Tabell 6:** Øksene og støypeformene fordelt på ulike periodar. Somme funn kan ikkje daterast nærare enn YBA eller BA, og er dermed i ein eigen kategori.


Høgast nedleggingsfrekvens i Rogaland kjem i periode II, som er likt resten av Noreg og Sør-Skandinavia, før ein nedgang i funnfrekvens i periode III. Deponerings-frekvens når sitt siste høgdepunkt i periode IV-V i Rogaland, noko som også stemmer for resten av Sør-Skandinavia (Johansen, 1993, s. 44; Melheim, 2006, s. 74; Henriksen, 2014, s. 151). I materialet ser det ut som ein har ein nedgang i nedleggingsfrekvens i periode III, før han går opp på ny i periode IV, og så går ned igjen mot slutten av BA. Tala er for små til å snakka om tendensar og toppar, men desse tala samsvarer likevel med resten av Sør-Skandinavia. Dette ser ein også i økse materialet, som viser at det kan vere representativt for depotfunna som heilheit. På Austlandet er det YBA som er rikast på funn, i motsetning til Rogaland. Ein ser ei tydeleg endring i depotpraksisen i overgangen frå EBA til YBA, og funnfrekvensen skiftar frå å vere hyppigast på Vestlandet, til Austlandet (Johansen, 1993, s. 20; Anfinset, 2006, s. 37). Dette kjem også an på stad, då Østfold og Oppland følger denne trenden, medan Hedmark går frå 12 depotfunn i EBA til tre i YBA (Melheim, 2006, s. 63). I midt-Noreg ligg tyngdepunktet for deponering i periode VI, og ved overgangen til førromersk jernalder (Henriksen, 2014, s. 152).

#### 4.2.2 Romleg utbreiing

Den romlege utbreiinga av depotfunna i dette materialet fordelar seg på kyststrøk og i nærleiken av saltvatn (Figur 4), i fjordar, fjordarmar og på øyer. Depotfunna konsentrerer seg i stor grad langs kysten ved,- og i munningen av Boknafjorden. Denne tendensen ser vi også i økse materialet (Figur 4).



# Øksedepot i Rogaland i Bronsealder



**Figur 4:** Øksedepot i Rogaland frå bronsealder. Kart: ArcMap. Modifisert av Sara R. Langvik.

Depotfunna konsentrerer seg på Jæren, eit landskapsområde som opptar store delar av Rogaland si kystlinje. Klepp og Sola kommunar på Jæren er dei to kommunane med høgast depotfunnkonsentrasjon i Rogaland. I Klepp kommune er det 12 gjenstandar fordelt på 12 depot, og Sola i kommune er det 13 gjenstandar fordelt på 10 depot. I tillegg har Hå kommune 10 gjenstandar fordelt på åtte depot, og Sandnes kommune ni gjenstandar fordelt på åtte depot. Alle fire kommunar grensar mot einannan (Figur 7). 50% av depota er konsentrert her, som seier noko om kor sentral denne staden var i Rogaland i BA. Både i YBA og EBA er hovudtyngda på depot i ytre og indre kyststrøk, då ein held seg til det same området langs kysten.

Somme stader er det meir funn gjennom tid enn andre, og øya Idse og bygda Orre skil seg ut her. Idse er ca. 5 km<sup>2</sup>, medan Orre er ca. 4 km<sup>2</sup> (Figurar 5 og 6). På Idse er funne tre separate depot, og fire i Orre, begge med funn frå både YBA og EBA.



**Figur 5:** Kart av Orre, Klepp kommune, som ligg ved Rogalandskysten. Kartgrunnlag: Kartverket.




**Figur 6:** Kart av Idse, Strand kommune, som ligg i ein fjordarm i Boknafjorden. Kartgrunnlag: Kartverket.

På Idse finn vi ein flintdolke (S4213-e) frå periode I, ei randlistøks (S424) frå periode I, og ei holkøks (S 6463) frå periode V-VI. Flintdolken frå EBA er funne med fem flintdolkar og ein spydspiss retusjert frå ein flintdolke frå SN. I Orre finn vi tre spydspissar (S 3885, S3953,




S6100) frå periode II og V, og halvdelen av ein wendelring (S4248) frå periode VI. Ein har dermed kome attende til område nær vatn og sjø for å deponere her, over lengre tid.

I Sola kommune finn ein busetjingsspor på Jåsund. Ein har funne dyrkingslag og stolpehol frå EBA og YBA i tillegg til spor frå fleire busetjingsfasar i perioden mellom-mesolittikum til tidleg-neolittikum (Fyllingen, 2012, s. 6). Ei undersøking på Myklebust, Sola kommune i 2014 viser funn av 16 bekrefta hus: Sju datert EBA og fem til jernalder (Dahl, 2014, s. 1-3). Desse stadene har vore busette over lange tidsperiodar. I Klepp kommune har ein funne toskipa hus (Berge, 2007; Fyllingen, 2012, s. 112), og eit langhus frå YBA (Dahl, 2007, s. 45-47). Desse to busetjingane ligg ca. ein km. unna einannan. På figur 7 ser ein spreinga av toskipa og treskipa hus på Jæren frå SN og EBA.



**Figur 7:** LN/EBA to- eller tre-skipa hus, flintsigder og type I-dolkar. Illustrasjonen viser også strandlinja i BA (Prøsch-Danielsen, Prescott og Holst, 2018, s. 61).

Store gravhaugar dukka opp i periode II i sørvest-Noreg (Austvoll, 2019, s. 21). Gravhaugane vart lagt ved kyst-strøk, og konsentrerer seg på Jæren (Austvoll, 2019, s. 23-38). Både Klepp og Sola har fleire graver frå bronsealdern (Lisbeth Prøsch-Danielsen et al, 2018, s. 51-52). Om ein samanliknar Figurar 4, 7 og 8, kan ein sjå liknande distribusjon for gravhaugar, depotfunn og busetjingar.



**Figur 8:** Distribusjon av gravhaugar på Jæren (Austvoll, 2019, s. 23).


Kysten av Rogaland har vorte brukt over lange periodar, vist gjennom depotfunn, busetjingsfunn og gravhaugar. I tillegg viser spreinga av depotfunn i Rogaland samsvar med utbreiinga av bronseobjekt generelt på Vestlandet, med ein konsentrasjon av funn i Sola og Klepp kommunar. Med kyst-plassering kunne ein få moglegheita til å kontrollere handelsruter og få tilgang på naturlege hamneområde (t.d. Orrevatnet, fig. 5) (Prøsch-

Danielsen et al., 2018, s. 51-52). Strandlinja var fem meter høgare i BA enn det han er i dag (Prøsch-Danielsen, 2018, s. 55). Med ei høgare strandlinje var bronsealderens busetjingar i Rogaland øysamfunn og kystsamfunn, noko som viser kor viktig tilgang til sjø var, i tillegg til dyrkingsjord og enger til beite (Prøsch-Danielsen et al., 2018, s. 61).

### 4.3 Funnkontekst

Her vil eg gjere greie for funnkontekst for det analyserte materialet. Funnkontekst vil innebere å forklare og gjere greie for deponerings-miljø og måten funn har vorte nedlagt på. I somme tilfelle vil også interessante kulturminne i nærleiken av deponerings-staden som kan vere av relevans for depotet, verte nemnt.

Våt-områder har generelt vore føretrekt som deponerings-kontekst i Skandinavia i BA (Jensen, 2013, s. 513). Dette gjeld òg Rogaland. 36 depot er funne i våtmark og 33 i tørrmark. Ca. 48% av depota analysert her har vorte funne i myrer, vatn og elver, eller med myrpatina. 44 % er funne i tørrmark. Somme depot har i vore deponert i tilknytning til stein og fjell. Desse har til dømes vorte funne inne i ein fjellsprekk (B2726), under store steinar (S3266), i røys (B1595) og liknande. Dette verkar ikkje alltid tilfeldig. Kanskje har desse tydd noko anna enn andre tørrmarksfunn har. Seks har ukjent kontekst (8 %).



**Figur 9:** Diagram som viser prosentvis inndeling av depotfunnkontekstar i Rogaland.

Somme tørrmarksfunn er funne i nærleiken av helleristningar og graver. Øksa B3332, funne på Revheim, vart funne rett ved helleristningsfeltet der. På figur 10 ser vi funnplassen til øksa. Dette helleristningsfeltet ligg på Fluberget som er eit stort felt med rundt 250 figurar og skålgroper. Det kan verke som figurane er plasserte bevisst i høve til einannan. Ein slik funnkontekst, der eit stort ristningsfelt og ein depotplass ligg i syns avstand frå einannan (figur 10), er sjeldan (Mandt og Lødden, 2004, s. 233, 234).



**Figur 10:** Utsikt frå Fluberget mot Revheimsmyra. Øksa var funne i hjørnet ved vegkrysset, slik figuren illustrerer. Foto: Sara R. Langvik.

Øksa frå Revheim har nok vorte deponert i myr, då området ho ligg i har rester av våtmark som er drenert (Figur 10). Plasseringa av depota ved Fluberget er truleg intensjonell. Patinaen til øksa er grøn av irr, som kan forklarast av at luft har kome til når myra har tørka. I tillegg kan moderne forstyrringar kome av forsøk på å skrape bort patinaen, og at øksa vart funne i eit jordbruksområde. Det verkar usannsynleg at øksa si plassering ikkje var myrområde i YBA, då vi framleis kan sjå restane av myra i dag, såpass nære funnstanden til øksa.

Tre depot er funne i røys i det innsamla materialet frå Rogaland. Bein,- og gevirdepotet S13614, leirkaret S13615/2, og støypeformene S4660 og S7090. Leirkaret S13615/2 frå Sola vart funne med andre keramikkfragment og utan andre gjenstandsfunn i røysa.

Det er vanskeleg å sjå trendar i nedleggingsmåtar for samansette depot då ein sjeldan omtalar korleis gjenstandane låg då ein fann dei. Ein kan seie at somme flintdolkar låg i kors (S2919), og ein hadde fleire funn i EBA enn YBA. Med bronselurane har ein tatt seg flid med nedlegginga, og har lagt desse dekonstruert ned, side om side. Utover dette ser ein ikkje ein trend i nedleggingsmetoden. Det er i hovudsak dei samansette funna som viser spor til

spesifikke nedleggingsmåtar. Bronsedolken S4563 frå Klepp er det einaste enkeltvise funnet som har vist ein liknande tendens. Dolken vart funne ståande rett opp og ned i breiingen av Figgjoelva, noko som tydar på at ein har sørga for at han stod slik då han vart nedlagt. Om ein til dømes hadde lagt dolken ned i elv eller myr ville tyngdekrafta sørga for at han låg horisontalt. Difor synes denne dolken å ha vorte intensjonelt plassert loddrett i jorda. Ein ser at mesteparten av dei samansette depota (7 av 14) har inneholdt gjenstandar med ulik datering, på same stad. Dette kan tyde på at tilknytning til stad var viktig i somme tilfelle. Ein la også ned ting i nærleiken av der ein hadde deponert frå før (S1880 og B3332, S3372 og S3389), sjølv om dette er uvanleg elles i materialet.

Bjorhaug og Bø er to gardar i Hå som ligg tre km. unna eit samansett depotfunn (S2919/a-d) bestående av tre flintdolkar av Lomborgs type VI-A, frå periode I-II, og ein flintdolk av Lomborgs type II-A frå midten av SN (Lomborg, 1973, s. 44-46, 61-63). At ein legg ned ting frå ulike tidsperiodar samstundes betyr at eldre gjenstandar som har blitt produserte i ein periode, har blitt brukt lenge. Ein ser døme på at fleire gjenstandar i depot med ulik datering har vorte lagt ned samstundes i Europa (s. 521, Blackwell, 2018) og Skandinavia (Digitalisert tilvekst, Unimus; Ling et al., 2013, s. 294; Ling et al., 2014, s.109-110). Dette gjeld mellom anna også Hegrafunnet frå Stjørdal i Trøndelag, der gjenstandane er frå periode IV-VI (Henriksen, 2018, s. 29, 31).

Bø og Bjorhaug er også på ein stad der ein generelt finn mange funn frå bronsealder og jernalder (Fredh og Westling, 2014; Fyllingen, 2015; Fyllingen og Mooney, 2021). Plassering av øksene med sikker kontekst er oftast i våtmark. Det synest å vere ein tendens til å legge støypeformene i tørrmark. Over tid kan det også sjå ut som at ein går frå å ha flest våtmarksdepot i EBA, til å ha flest tørrmarksdepot i YBA.

#### 4.4 Oppsummering

Mi oversikt over depotfunn frå bronsealderen frå Rogaland viser ei overvekt av våpen og reiskapar i begge periodar av bronsealderen, med overvekt av økserelaterte gjenstandar. Det er 131 gjenstandar fordelt på 75 depotfunn herifrå, og det leggjast ned gjenstandar i stein, bronse, gull, keramikk og bein. Likevel er det mest metallfunn og lite skjøre materialar. Til saman er det 43 gjenstandar av dei 131 som er økserelaterte, der fem er støypeformer og 38 er økser. Av økse-gjenstandane er holkøksa vanlegast i Rogaland, og i Europa, noko som viser tilknytning til kontinentet. I EBA er flintdolkane den vanlegaste funntypen, og unikt for EBA er bronsedolk og flintavslag som depotfunn i Rogaland. Den vanlegaste funntypen i YBA er holkøksa. I YBA finn ein også bronselurar og bein, noko som er unikt for YBA. Flint er ikkje eit materiale som lenger deponerast i YBA. Økser i depot daterast til alle periodar i BA, sjølv om det er skilnad på kor mange ein finn i kvar periode.

Toppen for nedleggingsfrekvens i Rogaland er periode II. I resten av sørlege Noreg og Sør-Skandinavia er det også observert ein topp i EBA i periode II, før ein nedgang i funnfrekvens i periode III. Deponeringsfrekvens i periode IV-V i Rogaland går nedover, noko som stemmer for resten av Sør-Skandinavia.



Samansette funn er funn med fleire enn ein gjenstand. Desse funna finn vi som regel i EBA, ofte beståande av flint. Øksedepot finn ein som regel åleine. Depotområda er som regel dei same frå EBA til YBA. Somme stader er ekstra funnrrike med depot som strekk seg frå yngre steinalder og framover. Somme funn har spesifikke nedleggingsmetodar, men det er ikkje ei overordna trend som tilseier at måten ein la ned ting på var essensielt for ritualet.

Depotfunn er ofte lagd ned i nærleiken av vatn. Både depotfunna og øksefunna følgjer denne trenden. Depotfunna vert oftast deponert i våtmark gjennom BA, men frå EBA til YBA går ein frå å deponere mest i våtmark, til tørrmark. Vi ser at graver, busetjingar og depot ligg nært kysten. Nærleik til kysten har vore viktig då det har gitt tilgang til handelsruter. Øksene har vorte valde ut for vidare analyse i det komande kapitlet, då dei kan vere representative for depotfunna generelt. Dette er fordi øksene deponerast oftast av alle depotfunna, viser same utbreiing i tid som dei andre depotfunna, som ikkje alle gjenstandstypar gjer. Dei viser også same distribusjonsmønster som dei andre depotfunna gjer. I tillegg er reiskapar oftast deponert i Rogaland i BA, og øksa er eit reiskap som dermed kan representere desse funna. Bronse som materiale er også vanlegast i depot frå Rogaland, og øksene representerer også dette aspektet av depotgjenstandar.

## 5. Analyse av økse materialet

Analysen tar utgangspunkt i mi studie av det deponerte økse materialet frå Rogaland (Appendix 2). Eg såg på bruken av øksene, korleis dei var støypte, støypeformer, funksjonalitet og forsøk på reparasjon eller intensjonell skade. Eg såg også på materialet og skader elles på øksa. I fleire tilfelle måtte eg bestemme om bruksspor eller skader var moderne. Eg tok bilete, målte og vog øksene og formene til slutt. Økse materialet frå bronsealderen i Rogaland fordeler seg på fem ulike øksetypar, og støypeformer til øks i kleber. Dette vil undersøkast under. Under kvar øksetype vil eg skrive om øksetypen generelt, for så å gå inn på eigne funn og observasjonar frå mitt materiale.



**Figur 11:** Gjennomgang av materiale på Arkeologisk museum i Stavanger. Foto: Sara R. Langvik.

### 5.1 Oversikt over økse materialet

Materialet frå Rogaland består av 38 øksar, og fem støypeformer til øks, som vist i Tabell 7. Støypeformene viser korleis øksar har sett ut når ein ikkje finn bronse øksar i materialet. Difor er det viktig å ta dei med i analysen.

| Øksetypar              | Tal | Materiale         |
|------------------------|-----|-------------------|
| Støypeformer           | 5   | Kleber            |
| Skaftfølsøksar frå EBA | 4   | Bronse            |
| Randlistøksar          | 7   | Bronse            |
| Avsatsøksar            | 8   | Bronse            |
| Holkøksar              | 14  | Bronse            |
| Skaftfølsøksar frå YBA | 2   | Porfyr og granitt |




|                                   |   |        |
|-----------------------------------|---|--------|
| Nakkebøyde økser<br>(m/skaftfure) | 2 | Porfyr |
| Skaftfølsøks med BA-datering      | 1 | Kleber |

**Tabell 7:** Enkel oversikt over økse materialet.

Periode I har åtte funn, randlistøkser og ei skaftfølsøks. Ein har funne mest økser i periode II, med 11 økser. Åtte av desse er avsatsokser, og tre skaftfølsøks. Periode III består av 4 funn, der alle er holkøkser. Det er fem funn i periode IV: tre støypeformer til holkøks samt to holkøkser. Frå periode V er det fire funn, tre holkøkser og ei skaftfølsøks i granitt. I tillegg står fire funn mellom periode V og VI; ei holkøks, to støypeformer til holkøks og to nakkebøyde økser med skaftfure. I periode VI er det berre eitt funn, også dette ei holkøks. Mest hyppig er holkøksene; 21 stk., inklusiv støypeformene.

| Periode  | Tal |
|----------|-----|
| Per. I   | 8   |
| Per. II  | 11  |
| Per. III | 4   |
| Per. IV  | 5   |
| Per. V   | 4   |
| Per. VI  | 1   |
| YBA      | 9   |
| BA       | 1   |

**Tabell 8:** Øksene fordelt på ulike periodar. Somme økser har berre generell BA eller YBA datering, og er dermed skilt ut frå dei andre periodane.



**Figur 12:** Periodedaterte økseeggenstandar fordelt utover bronsealderen. Støypeformene er inkludert under holkøks.

Funna som er generelt datert til YBA, eller som vippar mellom to periodar i YBA, består av fire holkøks (B11805, S13203, S13205, S6463), ei øks med skafthól (S2432) to støypeformer (B4521, S3000) og to nakkebøyde skaffureøkser (6680a og b). Det er også ei øks med generell bronsealderdatering (S9198). Det er eit variert øksmateriale. Stein som materiale er ikkje ofte brukt til øks i Rogalandsmaterialet. Tre øks er av porfyr, to av kleber, og ein av granitt. Dette kan likevel vere grunna valet å berre inkludere øks som eksklusivt har bronsealderdatering som nemnt i kapittel 1.

Når det kjem til antal øks i kvar periode, er det snakk om låge tal, sjølv om periode II skil seg ut i mengd funn. Færre deponeringar i YBA i Rogaland liknar trenden i Aust-Noreg, der antalet nedleggingar går ned frå SN og EBA til YBA, og dette særleg i tidlegare Østfold (Melheim, 2006, s. 81). Rogaland sitt låge antal øks i periode VI skil seg frå tendensen i Midt-Noreg, der ein får auka nedleggingshyppigheit i periode V og VI (Henriksen, 2014, s. 149).

I analysen observerte eg at støypeteknikk varierer innad i periodane. Dei går frå å ha mykje luftbobler i periode I til å verte finare i periode II, for så å ha meir feilstøyping i periode III. Eit unntak er skaftholsøksene i EBA, som er fint støypte, men resten av øksene følger denne trenden i EBA. Frå periode IV-VI går det frå mykje til mindre støypefeil.

## 5.2 Øksa sin biografi

Eg vil i denne delen gjere greie for øksa sin biografi. Det er viktig for å få eit samla bilete av kva øksene i materialet har betydd og korleis øksene har påverka menneska som brukte dei. Fyrst vil den generelle biografien til steinøksene presenterast, deretter øks av bronse. Eg

vil gå kronologisk frå dei fyrste til siste øksene ein laga i bronsealderen, sjå nærare på øksetypene og kva dei individuelle øksene kan fortelje.

### 5.2.1 Steinøksa sin biografi

Materialet innsamla frå Rogaland er grunnlaget for analysen i oppgåva, og i dette materialet finn ein ikkje steinøkser i EBA. Dette kan vere grunna avgrensingar i oppgåva som nemnt i kapittel 1. Stein som materiale vart nok brukt fyrst, og dermed vil eg gå gjennom biografien til steinøksa fyrst.

Livet til steinøksa byrjar i steinbrotet. Flintimporten minka i bronsealderen, men utnytting av lokale steinsortar var utbreidd fram til byrjinga av jernalder. Mesteparten av stein ein brukte vart skaffa lokalt, og teknologien vart tilpassa for å passe ulike steinsortar (Nyland, 2016, s. 124-125). Dette reflekterast i det ulike utvalet av bergartar ein finn i øks materialet frå Rogaland. Steinøksene frå depotmaterialet i Rogaland er i granitt, kleber og porfyr, bergartar ein kan finne i Norge. Granitt er ein av dei meir vanlege bergartane i Noreg og Vestlandet (Kjerulf, 1892; Schumann, 1973, s. 72; Heldal og Jansen, 2000, s. 56-57). Klebersteins-førekomstane er mange i Noreg, sjølv om dei er små og spreidde (Heldal og Jansen, 2000, s. 19). Porfyr er ikkje like vanleg, og i Noreg finn ein denne i somme felt på Austlandet (Ofstedal, 1986, s. 108).

Astrid Johanne Nyland (2017) skriv i sin artikkel om steinbrot i Sør-Noreg om korleis ein vann ut stein frå steinbrotet. Dei tre vanlegaste teknikkane for utvinning av stein var direkte hamring, å kile ut blokker ved bruk av naturlege sprekker, og ved bruk av eld. Den sosiale konteksten til steinbrot var viktig. Stein frå spesifikke stader kunne ha hatt ein særskild betydning. Til dømes viser ein tilgang til eit sosialt knutepunkt, som kan sikre sosial posisjon (Nyland, 2017, s. 136-137). Tilverknad av steinøksene med lokalt henta stein ville gått føre seg ved at ein steinsmed hadde redusert steinen. Ei steinblokk vert knakka og eller slipt til ein når den ønska forma. Teknikkar i denne prosessen involverer til dømes kva hammar som vert brukt og kva råstoff ein har vald ut (Rosen, 1997, s. 21).

Steinøkser frå YBA kan ha hatt ein meir symbolsk funksjon, då steinøkser er mindre effektive om ein skal hogge ned store trær. Dette viser studia til James R. Mathieu og Daniel A. Meyer (1997), der dei undersøkte bruk av økser av ulike materiale. Om ein hadde bronseøkser tilgjengeleg vil steinøksene ha vore overflødige (Mathieu og Meyer, 1997, s. 348-349). Steinøksene kan dermed ha vorte nytta meir symbolsk i YBA.

### 5.2.2 Bronseøksa sin biografi

Etter kvart lager ein øksene i bronse. Ein har bronseøkser i Rogaland frå Periode I av, og bronseøkser frå siste del av SN er også å finne i Rogaland (S7825, Jf. Melheim, 2015, s. 24). Undersøkingar av bronsegjenstandar frå Skandinavia viser at ein importerte metallet. Ein har ikkje importert bronse frå Sverige, då ein ikkje har utnytta lokal koparmalm eller drevet gruvedrift (Ling et al., 2013, s. 303). Metallimport må ha kravd eit komplisert handelsnettverk. Opphavet til analyserte bronsegjenstandar frå Skandinavia er i hovudsak dei sør-austlege Alpane, sjølv om ein også importerte frå dei Britiske øyer, Tyskland, Spania

og Slovakia (Nørgaard, Pernicka og Vandkilde, 2019, s. 25-26; Ling et al., 2019, s. 31-32). Heide W. Nørgaard, Ernst Pernicka og Helle Vandkilde (2019) utførte ei analyse av bronsegjenstandar frå Sør-Skandinavia som viste at like komposisjonar i importerte og lokale produkt antyd at ein har smelta importerte bronsegjenstandar om igjen, og ikkje laga lokale produkt ved å smelte rå kopar og tinn (Nørgaard, Pernicka og Vandkilde, 2019, s. 25-26). Bronse funne i Noreg vart ikkje tatt med i ovannemnte studier, men ut i frå dei analyser som føreligg, er det sannsynleg at det vil ha vore liknande forhold i Sør-Noreg. Metall ser i hovudsak ut til å ha vorte importert, men bruken av lokalt metall kan ikkje utelukkast heilt. Naturlege førekomstar av koparmalm og tinnmalm førekjem i Noreg, så ein kan ha brukt lokal malm (Melheim, 2015, s. 1, 11).

Då bronzen og bronsealdekulturen kjem til Sør-Skandinavia, går tileigninga av støypekunsten fort. I Noreg er Hunn-feltet i tidlegare Østfold eit døme på eit bronseverkstad, eit av dei mest omfattande i Skandinavia (Melheim, Prescott og Anfinset, 2016). Anna Sörman (2017) skriv om bronseverkstader i Sør-Skandinavia at metallbearbeiding fann stad i ulike kontekstar, både på kultplassar og buplassar. Fordeling av metallfragment indikerer at bronsestøyping fann stad i ulike område innan busetjingane, og mengd støyping der varierte gjennom tid (Goldhahn, 2007, s. 50; Sörman, 2017, s. 66-67; Sörman, 2018). For å produsere bronsegjenstandar trengtest ein eller fleire smedar, som hadde kunnskapen om støypekunsten, ein trong materialet til støypinga, og konseptet om forma til gjenstanden. Deretter kunne ein skaffe ei støypeform. Mange førebuingar måtte til før ein kunne setje i gang med sjølve støypinga. Moglegvis har ein smelta om ein tidlegare importert bronsegjenstand. Når bronzen smelta på rundt 800°C (Engedal, 2010, s. 169), har ein helt det flytande metallet i ei klebersteinsform eller leirform (Sörman, 2018).

Leirformer (Figur 13) vart laga med cire perdue-metoden. Dette er ein metode der ein lager ein voksfigur av objektet ein vil støype og fester leire rundt denne; når forma varmast opp smelter voksen ut, og ein har ei form. Etter støypinga fjernar ein leira. Denne støypeforma er for eingongsbruk (Nilsson, 2011, s. 86-87; Sörman, 2018, s. 42-43).



**Figur 13:** Leirformer før og etter bruk ved eksperimentell bronsestøyping, i undervisningssamanheng. Foto: Sara R. Langvik.

Klebersteinsformerne er til fleirgangsbruk. I bronsealder vart kleberstein eit viktig råmateriale for støypeformer. Kleberstein er bra å arbeide med då det er enkelt å skjære i, og toler mykje varme. Det er dermed lettare å oppnå det ønska resultatet (Storemyr og Heldal, 2002, s. 359-362; Goldhahn, 2007, s.125; Sörman, 2018, s. 44). Likevel er det vanskeleg å få til to like sider med denne metoden. Det er heller ikkje enkelt å bruke voksteknikken. Å lage ein voksmodell av detaljerte objekt er ein kunst (Nilsson, 2011, s. 87). Dekor vart stempla inn i voksmodellen. Dette veit vi då motiva er nær identiske, trass i at ein ikkje har funne nokon stempel (Rønne, 1989).

Etter støyping, skafta ein øksa. Det har vorte gjort funn av økser frå depot med deler av skaftet igjen i Europa (Paavel et al., 2019). I tillegg har vi somme døme i det undersøkte materialet (S4211 og S9337). Øksene kunne dermed verte nedlagte med skaftet, og ikkje eksklusivt utan skaft. Økser har likevel sjeldan vorte nedlagde med skaft, då dei gode bevaringsforholda i våte kontekstar ville bevart dei betre. Som døme på dette er det bevart eit økseskaft frå Hov i Dønna kommune i Midt-Noreg. Dette skaftet er datert til 450 f.Kr., og vart funne i myr (Henriksen, 2014, s. 391-392). Det viser at om øksene frå bronsealder hadde vorte nedlagde med skaft i myr, ville dei ha vore bevarte. I tillegg har ein funne gjenstandar av tre frå bronsealder som skammelen frå Høstad ved Trondheim (Henriksen, 2014, s. 252), som vidare poengterer dette (Digitalisert tilvekst, Unimus). Dette betyr at ein konsekvent kan ha tatt av skaftet før deponering.

Livet til ei øks kunne innebere sirkulasjon gjennom gåvebytte, eller som ein vare (Melheim, 2015, s. 24). Etter kvart vart øksene nedlagde. Henriksen (2014) observerer at mange av depota har vorte funne på stader i landskapet som ligg eit stykke unna dei busette områda,

og i miljø som ikkje eignar seg for busetjing (Henriksen, 2014, s. 80). Dette kan vere ein motivasjon bak nedlegging.

Ein har oftast deponert øksene i våtmark. Øksene er heller ikkje naudsynleg lagt ned i perioden dei er frå, men kanskje etter lang tids bruk. Etter nedlegging låg øksa skjult, før ho vart gjenoppdaga og levert inn til eit museum. Øksa kan så verte brukt som læringsobjekt.

### 5.2.3 Støypeformer

Teknikken med å støype i todelte støypeformer vart i hovudsak brukt for masseproduksjon av våpen og reiskapar i den nordiske bronsealderen. Ein laga formene i stein, leire og til og med bronse. Somme døme på funn av leirformer er formene frå Hunnfeltet (Melheim, 2015, s. 21). Ein finn støypeform-depot i mellom anna Agder, Rogaland og Vestfold. Funn av støypeformer og smeltediglar finn ein i gravhaugar og koksteinsrøyser på gravfelt, som Hunn og Gunnarstorp i Østfold, Aske i Vestfold og Sjurderud i Hedmark (Melheim, 2006, s. 35).

Frå periode II var kleber vanleg å bruke til støypeformer i Norden generelt. Fleire funn, som dei nokre gonger grovt tilverka kleberstein-blokkene, vitnar om ein intensiv bruk av kleberstein i eit aktivt transport-nettverk mellom Noreg og Sverige, der ein kan ha importert frå, og til den danske og nord-Tyske regionen (Nørgaard, 2018, s. 129). I Rogaland førekjem fleire klebersteinsbrot, mellom anna ved Haugesund (Nordenborg Myhre, 1998, s. 63, 66). Støypeformene i dette materialet kan dermed ha vore laga av lokal kleber.

Joakim Goldhahn (2007) meiner at bruken av klebersteinsobjekt i BA tyder på at dei vart tillagt ei symbolsk betydning, då klebergjenstandar har vorte funne i stolpehol og gravkontekst (Goldhahn, 2007, s. 128-129). Deponering av kleberformer, metallgjenstander og smeltediglar i graver og depot viser at metall også inngjekk i ritual og hadde kosmologiske konnotasjonar (Melheim, 2006, s. 34).

For å forhindre at dei to halvdelane av kleberforma sklei ifrå einannan vart tappar satt inn, eller passmerker plasserte på utsida der ein tråd vart surra rundt for å sikre forma (Nørgaard, 2018, s. 131). Deretter har ein brukt støypeforma, t.d. til forma har vorte øydelagd, som S4660 og S7090, og/eller deponert.

Støypeformene frå Rogaland er av kleber, og eg har observert spor etter aktivitet i form av passmerkene, og mørk farge inne i forma. Der vil varmen ha påverka steinen i større grad enn den ytre delen av forma (S7950, S4660, S7090). Bruksspor i form av misfarging er derimot vanskeleg å sjå på B4521, då denne er i mørk kleber. Eg klarer heller ikkje sjå bruk på S3000. Desse formene er i hovudsak funne i tørrmark, men S4660 vart funne i ei røys, til trass for at den andre halvdelan, S7090, vart funne i jord. Enten er dette intensjonelt, eller så har utpløying av røysa sørga for at dei har hamna i ulike kontekstar.





**Figur 14:** Slik kan ei støypeform sjå ut (S4660). Lengde på forma er 14.5 cm. Foto: Sara R. Langvik.

#### 5.2.4 Skaftfølsøksene datert til EBA

Skaftfølsøksene er ei funngruppe som tradisjonelt er assosiert med den tidlegaste fasen av det etablerte jordbruket. Frå og med SN og EBA vert busetjingsforma og samfunnsstrukturen knytt til jordbruket både som økonomi og livsstil. Økser med skaftføl er blant dei siste steinøkser som vart laga i Skandinavia før bronzen kom i bruk (Lekberg, 2002; Nielsen og Åkerstrøm, 2016, s. 10).

Skaftfølsøksene i dette materialet frå EBA er laga i bronse og er massive. Det er fire økser i denne kategorien: Fårdrupøksa frå Tjelta, Sola kommune (S3664), og dei tre øksene frå Lunde, Vindafjord kommune (B10300a-b, B10999). Fårdrup-typen er vanleg i Danmark, der ein har funne over 60 stykker (Engedal, 2010, s. 90). Ifølge Vandkilde (1996) høyrer dei til i siste del av periode I (Vandkilde, 1996, s. 227). I Noreg har ein funne seks: to frå Vestlandet, to frå Trøndelag og to frå Møre og Romsdal (Engedal, 2010, appendix, s. A.12). Geometrisk dekor er tilført til litt mindre enn halvparten av øksene. Øksene var udekorerte då dei vart støypt (Vandkilde, 1996, s. 227). Fårdrupøksene vart dekorerte etter støyping,

då ein kan sjå på dekoren at ein har brukt meisel-aktige slag for å opprette mønstera (Nørgaard, 2018, s. 69). Økser utan dekor kan dermed ha vore uferdige økser i påvente av dekorasjon. Fårdrupøkser finnes over heile Danmark. Skåne har også ein del funn av fårdrupøkser. I Noreg, Tyskland og resten av Sverige fell ein stundom enkeltfunn av øksetypen (Vandkilde, 1996, s. 227). Fårdrupøkser har også vore tolka til å vere ein del av eit vektsystem, der vekta var viktigare enn funksjonen til øksa (Malmer, 1992).

Fårdrupøkse frå Rogaland (figur 15) er foreløpig unik i det Rogalandske depotfunn-materialet. Fårdrupøkse er moglegvis importert frå Sverige (Engedal, 2010, s. 90). Denne øksa er smalare rundt skafthølet, og aukar i breidde på begge sider av skafthølet, dess lengre ut ein kjem. All original patina har vorte pussa bort av finnar, og eggen er nokså slitt. Det verkar dermed som at denne øksa har vore i hyppig bruk før nedlegging, og då ho vart funne har ein moglegvis hatt eit ønske om å gjenopprette øksa si prakt ved å pusse henne. Ingen støypefeil eller støypespor er observert, men dette kan vere pga. pussinga. Denne øksa er eit tørrmarksfunn, og vart funne like under torva under pløying.



**Figur 15:** Øksa S3664. Foto: Sara R. Langvik.

Dei tre bronseøksene frå Lunde, Ølen, vart funne på same stad under avsluttande arbeid med vassledingsinntaket i eit oppkomme der (digitalisert tilvekst, unimus). To andre økser av denne typen har vorte funne i Noreg (Engedal, 2010, s. A.12), i Vestland (B7364) og Møre og Romsdal (C7951). Lundeøksene, som også vert kalla «kultøkser», verkar å vere eit fenomen frå Jyllands-området i Danmark, og det er truleg der ein har importert øksene frå (Engedal, 2010, s. 90). Kultøksene vert datert til periode II (Jacob-Friesen, 1967, tavle 57; Engedal, 2010, s. 91). Gernot Jacob-Friesen daterte spydspissar funne saman med ei kultøks til periode II, som kan overførast til øksene, då over halvparten av gjenstandane i depotfunnet var daterte periode II (Jacob-Friesen, 1967, s. 166).

Kultøksene frå Lunde er overdimensjonerte og for tunge til profan bruk, då dei alle tre veg rundt 0,9-1 kg. Det er difor i hovudsak kultisk bruk som vert tillagt øksene, og dette synet vert forsterka gjennom helleristningar (Jensen, 2013, s. 437). I Simrishavn i Sverige finn ein øksene avbilda på eller ved skip, eller borne på lange skaft av menn som ofte har tydeleg fallos (Jensen, 2013, s. 437). Ifølge Jensen (2013) må dei dermed ha spelt ei rolle i



kulthandlingar, som vi kan sjå avbilda på helleristingar i heile syd-Skandinavia, også i Rogaland (figur 16). Trass storleiken er øksene lettare enn dei ser ut, då dei ofte har ein leirkjerne. I Rogalandsmaterialet er B10300A hólstøpyt, men ingen av øksene har leirkjerne. Kultøksene er dekorerte med spiraldekor. Sjølv om kultøksene i Danmark er større og meir dekorerte enn dei norske, er konteksten den same: nedlegging i våtmark, vekke frå folk (Jensen, 2013, s. 436-438).



**Figur 16:** Helleristningsfelt på Austre Åmøy, Felt I, med kultøks rissa inn i samanheng med helleristingar av båtar. Foto: Sara R. Langvik.

I mi analyse er det tydeleg at Lundeøksene har ornamentikk utan sidestykke i økse materialet. Vi ser tydeleg på øksa B10999 at noko av dekoren må ha vorte teikna for hand på voksfiguren, då dekoren er for irregulær til å ha vorte stempla. I tillegg ser det ut som ein har vorte avbroten midt i dekorarbeidet, slik at dekoren ikkje er fullstendig alle stader (Figur 17). Alle tre øksene er svært korrodert. Ingen støypefeil eller støypespor er observert.



**Figur 17:** Irregulær dekor på B10999. Breidde over holkane er 5,5 cm. Foto: Sara R. Langvik.

Dekor nært eggen (B10300a og b) vitnar også om at desse øksene ikkje skulle brukast, då dekoren ikkje har vorte skjerpa ned. Det er vanskeleg å sjå bruksspor då øksene er sterkt forvittra, likevel kan vi sjå irregulær dekor på B10999. Grunna tyngda og storleiken har øksetypen truleg ikkje vorte brukt praktisk. Dei tre øksene vart funne under arbeid med vassleiingsinntak i eit oppkomme. Då øksene har myrpatina er det sannsynleg at det var eit oppkomme her i BA også.



**Figur 18:** Øksa 10300A (29 cm.) sett i forhold til øksa S5030 (10.2 cm.). Sjølv om dei danske kultøksene er større, og meir dekorerte, er øksene frå Lunde framleis imponerande. Foto: Sara R. Langvik.

#### 5.2.5 Randlistøkser

Randlistøksene dukkar opp i periode I. Randlistene på desse har vorte til ved hamring, eller kan ha vorte laga i støypeforma (Butler, 1996, s. 171). Øksene i dette materialet er små, men Jensen (2013) meiner likevel at randlistøksene utan tvil var effektive når ein til dømes skulle hogge trær (Jensen, 2013, s. 301).

Helle Vandkilde (1996) har gått gjennom tidlege bronseøkser i Danmark sin bronsealder. S4370 tilhøyrar Vandkilde sin type C2 øks, med høge randlister og av Husby-typen. Desse er mest sannsynleg laga i austlege Schleswig, der mesteparten av øksene er funne (Vandkilde, 1996, s. 113). S4211 tilhøyrar Vandkilde sin A5 type, randlistøks med midje av Store Heddinge-typen, som truleg er laga i Danmark (Vandkilde, 1996, s. 78-81). Øksa i dette materialet har ikkje ein like tydeleg midje, men liknar likefullt mest på denne typen. S1648 tilhøyrar Vandkilde sin type A3, ein parallellsida og kurva randlistøks av Gallelose-typen. Desse er også lokalt laga (Vandkilde, 1996, s. 74). Desse er nok dermed importert sørfrå til Rogaland.

S424 og B4911 tilhøyrar Oldendorf-typen med parallelle sider, Vandkilde sin Type C3. Dette er økser ein finn over heile Nord-Europa (Vandkilde, 1996, s. 116-119).

Desse to (B4911, S424) har også spor etter prøvetaking, som ein har nytta i forskning (Melheim, 2015). Melheim fann ut ved metallanalyse at koparen i B4911 er sjeldan i Danmark, og kjem nok ikkje derfrå (Melheim, 2015, s. 65). Koparen i S424 kjem truleg frå Alpe-regionen (Melheim, 2015, s. 54). Dette viser at prosessen før ein bronsegjenstand kom til Noreg, var kompleks. Ein måtte skaffe tinn og kopar separat, og så støype desse til eit bronseobjekt før dei vart eksporterte til andre regionar av Europa.

Engedal (2010) skriv at nordvest-Skandinavia sin fyrste periode i bronsealder har hatt klare kontaktar med Jylland, som har gått via Skagen og Oslofjorden. Trass i dette, kan det sjå ut til at ein også importerte gjenstandar frå sør-Sverige. Oldendorf-øksene som ein finn i det Rogalandske materialet tyder på å kunne ha vore frå både dagens Danmark, og dagens Sverige (Engedal, 2010, s. 128). Det er dermed ulike moglegheiter for kvar øksene var importerte frå.

Engedal (2010) delte i si avhandling inn randlistøksene i Oldendorf-Underåre (C1645, B4911, S424, S1648, S4370), Extreme Oldendorf (S4211), Håheim-Steine og «Other» (S857; Engedal, 2010, s. 82-84).

I mi analyse er fellestrekk for randlistøksene frå Rogaland at dei er små og udekorerte. Dei er relativt fint støypte, og eg kan ikkje observere støyperender. Øksene har lite støypefeil, med unntak av S4211, som har ein del luftbobler. Når ein ser på bruksspor er dei brukt, då dei er ujamt slitte på eggen. Igjen er det vanskeleg å seie med S4211, då patina har vorte fjerna. Eggen på denne øksa er skarp og jamn. I tillegg var det originalt trebitar frå skaft igjen på S4211 som sidan har forsvunne.





**Figur 19:** Randlistøks med filespor i eggen (S424). Øksa er 12,2 cm lang. Foto: Sara R. Langvik.

Den nette forma til randlistøksene gjorde kanskje at dei ikkje var like enkle å hogge til større gjenstandar med. Dei veg mellom 167.1-349.5 g. Dette tilseier at dei små randlistøksene lett kunne takast med kor enn ein trengde dei. Fråværet av dekor i materialet viser også at det ikkje har vore like stor symbolsk bruk, men det kan likevel vere at øksa sjølv, i farge og form, har hatt ein effekt på dei som såg ho for fyrste gong. Randlistøksene frå Rogaland vart lagt jamt ned i både tørrmark og våtmark, i tillegg til på toppen av fjell. Øksa som er funne på toppen av dette fjellet er S424. Ho har myrpatina, og er difor truleg lagt ned i våtmark på toppen av fjellet.

#### 5.2.6 Avsatsøkser

Forma til avsatsøkser vart avleia av randlistøkser i bronse. Denne nye forma var naudsynt, då randlistøksene kunne verte hamra inn i skaftet, noko som kunne splitte det. Med avsatsøkser unngjekk ein dette problemet i større grad (Engedal, 2010, s. 224). Avsatsøkser tillèt òg betre feste mellom øks og skaft (Forel et al., 2009, s. 721).

Engedal (2010) deler avsatsøksene inn i tre kategoriar: ein nordisk type våpenøks, ei gruppe med y-ornamentikk og ei gruppe enkle, udekorerte avsatsøkser. Dei har truleg komme til Noreg via Skagerrak (Engedal, 2010, s. 89).

B6019 og B2684 er dei to einaste øksene i materialet i kategorien nordisk våpenøks med dekor. Dei har begge enkel dekor i form av pynterender og strekdekor. Dei er sterkt korroderte. Bruksspor på øksene er difor umogleg å sjå. B3219 og B5308 går inn i kategorien  $\gamma$ -dekorert avsatsøks av nordtysk type. Desse skil seg ut med høl-render langs breisida mot eggen på øksa. Desse har bruksspor i form av slitasje på egg. B2726, S8220 og B1001 er enkle, flate avsatsøkser, med små og enkle avsatsar. S8220 har spor av slag som tyder på at øksa på eit tidspunkt har vært brukt som kile (digitalisert tilvekst, unimus).

S5030 ser sterkt feilstøypt ut, og passer dermed ikkje inn i klassifikasjonane (figur 20). Ho ser ikkje brukt ut, då ujamn egg ser ut til å vere forårsaka av støypinga. Ho har heller ikkje vorte oppskjerpa. Denne øksa har sannsynlegvis ikkje vore brukt før deponering, som tyder på at nye eller ubrukne økser også kunne verte deponert.

Vi har dermed ulike kategoriar her. Dei tre nemnt av Engedal (2010), pluss øksa S5030 som ikkje fell inn i nokon av hans kategoriar. Somme av desse øksene har bruksspor i form av blant anna slagspor (S8220), skjerping (B1001, B2726), og generell slitasje grunna bruk. For det meste er avsatsøksene i Rogalandsmaterialet fint støypte, men S8220 og B5308 er temmeleg forvitra, og S5030 har også luftbobler. B1001 har rester av støyperender langs sidene, og B3219 har merker etter avpusa støyperender. Øksene har generelt sett lite støypefeil, og dei er for det meste symmetriske.

Etter fysisk analyse av øksene er somme tendensar tydelege for meg i materialet. Avsatsøksene frå Rogaland er små og praktiske. Stridsøks-typen er meir prangande, og øksene med  $\gamma$ -dekor kjem tilsynelatande midt imellom desse og dei enkle øksene. Dei har moglegvis hatt ein omfattande bruk og betydning. Desse øksene er oftast lagt ned i myr i Rogaland, men ikkje ofte nok til å danne ein trend. Fem av desse øksene vart funne i tørrmark (B2726, S5030, S8220, B5308, B6019), men to av desse igjen vart funne med myrpatina. Dette indikerer at den opphavlege nedleggingskonteksten var i våtmark. To økser vart i tillegg funne i myr (B2684, B1001). Til sist hadde ei av øksene ukjent kontekst, men har myrpatina (B3219).



**Figur 20:** S5030, feilstøyppt avsatsøks. Øksa er 10,2 cm lang. Foto: Sara R. Langvik.

### 5.2.7 Holøkser

Holøkser er øksetypen ein finn mest av i Rogaland, og i Europa (Thrane, 2006, s. 493; Dietrich, 2015, s. 39). Når ein igjen byrja å eksperimentere med økseforma, var holøkksa det neste steget i evolusjonen av bronseøksa. Holøkksa fungerte så bra at ein produserte ho i 700 år i meir økonomiske versjonar. Dette innebar at ein brukte mindre metall, men fekk same funksjon. Dette var ei felles-Europeisk trend. Det var ikkje lagt vekt på individuell dekorasjon, men det er unntak til dette. Samstundes synes våpenkvaliteten til holøkksa å vere låg. Antakeleg var ikkje øksene som kom etter avsatsøksa lenger brukt til våpen, sjølv om ein definitivt kunne gjere skade med ho (Thrane, 2006, s. 493). Vidare vart holrommet i holøkksa til ved å nøye plassere ei leirkjerne inne i forma, og ein festa kjernane med presisjon slik at dei vart haldt på plass under støyping (Engedal, 2010, s. 176). Holøkksa vart etter kvart ein dominant øksetype i bronsealderen.

Då holøkksa kom til Norden, var ho ein teknologisk innovasjon. Ein trong mindre råmateriale, og ein kunne oppnå like mykje slagkraft som før gjennom vekta av treskaftet. Å kunne setje skaftet rett inn i øksehovudet løyste ein av dei større problema med tidlegare øksetypar; på denne måten kunne ikkje øksehovudet bli dytta lengre inn på skaftet for kvar gong det var i bruk, til skaftet til slutt sprakk opp (Dietrich, 2015, s. 39).

Øksene i det Rogalandske materialet strekk seg frå periode III-VI, og sjølv om eg har gått igjennom støypeformene tidlegare, vil eg inkludere dei igjen, for å gi eit innblikk inn i holøkksa si utvikling. Det dreier seg om 14 økser, pluss dei fem støypeformene.

Engedal (2010) har delt inn holøkksene i 10 kategoriar. Gruppene er som følger: Gruppe 1: middels til store økser med fasett-type A (B3332), Gruppe 2 (og relaterte variantar): Middels til store økser med fasett-type B (S7160, B3334, B4935, S7310), Gruppe 3: Økser med tynnribba Y-dekor, Gruppe 4: Økser med rette, rektangulære fordjupingar (S8524, S6260), Gruppe 5: Store økser med henge og forlenga hals (Skånsk variant: S6463),

Gruppe 6: Små økser med hempe og forlenga hals (S4010), Gruppe 7: Små økser med hempe (S5000, S9337), Gruppe 8: Små økser utan hempe og Gruppe 9: Små, dekorerte økser. Til slutt har han ein kategori som han kallar «other» (B11805), med einslege økser som ikkje passar inn i gruppene, men som ikkje kan danne ei eiga gruppe (Engedal, 2010, s. 92-98, A12-A16). Sidan Engedal kom ut med si avhandling i 2010, har ein funne fleire økser. S13203 og S13205 (funne i 2013) vil plasserast i Engedal si gruppe 7.

I periode III i materialet frå Rogaland, har vi hemper og støttelister samstundes. Støttelista er lista langs holk-enden på øksa som støttar opp tauet ein bruker til å surre fast øksa til skaftet. I periode IV har alle øksene i materialet hemper, men mot slutten av YBA vert det meir blanda igjen med økser med støttelister, og økser med hemper. Dekoren utviklar seg ein del på desse øksene i YBA. I periode III ser vi hovudsakleg enkle økser utan mykje dekor, men i periode IV ser vi ei auking i økser med dekor i form av pynterender og vulstar, som formar ein type strekdekor. Øksene vert så meir udekorerte igjen før enkel spiralornamentikk dukkar opp (S3000, B4521). I periode VI er dekoren i form av enkle lister. Ein annan type dekor som dukkar opp i YBA er flettverksmønsteret på øksa B11805, som sit på breisida av øksa.

Øksa B11805 er interessant med tanke på symbolsk kontra praktisk bruk. Ved analyse ser ein at øksa er ufullstendig støypt ved holk-enden (figur 21), men ho er likevel dekorert med eit flettverksmønster som truleg er inspirert av tekstilkeramikk (sjå fig. 22), og som tilsynelatande er den einaste øksa med eit slikt mønster som ein kjenner til (M. Wrigglesworth, personleg kommunikasjon, 07.03.22). Det er dermed ein mogleg symbolikk bak dekoren, samstundes som øksa har bruksspor.

Tekstilkeramikk frå Nord-Noreg daterast frå 1800-700 f.kr. (Jørgensen og Olsen, 1988, s. 62-68). Det var rundt 2000 f.Kr. at ein introduserte asbestkeramikk i Nord-Noreg, fyrst til Finnmark. I overgang til BA opptre asbestkeramikken lenger sørover i form av tekstilkeramikk (Wendelbo, 2020, s. 58). Øksa (fig. 21) og tekstilkeramikken er samtidig, så samanhengen er plausibel i forhold til tidsperiode. Då øksa har hamna på Vestlandet er det ei mogleg tilknytning nordover, då det er her keramikken har kome frå. Det er mogleg at øksa har vorte laga i nord og endt opp i vest.





**Figur 21:** Øksa B11805. Ufullstendig støypt, og med dekor. Foto: Svein Skare, Universitetsmuseet i Bergen, Arkeologibasen.



**Figur 22:** Tekstilkeramikk, museumsnummer Ts3867. Foto: June Åsheim, Norges arktiske universitetsmuseum.

Ulike fasett-typar ser vi også, jamfør Engedal sine fasett-typar (Engedal, 2010, s. 92). Fasett-type A vert brukt jamt, forutan på byrjinga og slutten av holkøks-periodane. Fasett-

type B har ein motsett bruk, då denne i hovudsak har vorte brukt i byrjinga av holkøks-perioden, og mot slutten. Øksene i det undersøkte materialet byrjar større i storleik, og med relativt lik storleik, før dei utover i perioden fluktuerer til både mindre og større økser, før i slutten av BA då øksene er mindre i storleik. Dei fleste holkøksene er meir eller mindre symmetriske frå periode III-VI.

I øksene frå EBA observerte eg litt feilstøyping, og at økser med skade vart nedlagde, som B3334. Ein liten bit manglar frå eggen. I tillegg er det ein del slitasje på øksene. Få av øksene har likevel teikn til tung oppskjerpning (S8524). I YBA ser vi bruksspor i form av slitasje på egg, vi ser korrosjon, og ei skadd hempe (S6260). Eg observerte òg støypefeil og støypekantar, i tillegg til slipespor (S8524). I tillegg har S9337 tidlegare hatt trebitar som vart funne i skafthølet. Trebitane er forsvunne.

Støypefeil, luftbobler og skader førekjem vidare mot slutten av YBA. Øksa frå periode VI har ein del skadar, men er fri for luftbobler og støyperender. Om denne øksa er representativ for heile periode VI sin støypekunst er vanskeleg å seie, då vi ikkje har fleire økser frå denne perioden i materialet. Ein finn ein del moderne skadar på desse holkøksene også – både filespor, pussespør og skrapespør (Figur 23).



**Figur 23:** Holkøks med filespor i eggen (B4935). Foto: Sara R. Langvik.

Øksene i dette materialet har vorte funne ved fjell, i myr, i mark og i elv. Åtte av dei er funne i mark, mange fleire enn dei andre øksekategoriene. Tre stykk vart lagt i myr, ei i elv, og to ved fjell. Resten er ukjent. Etersom tala er små er det vanskeleg å konkludere, men det kan virke som ein oftast la holkøksene i tørrmark. Dette kunne sjølvstg ha endra seg om ein visste konteksten til øksene med ukjent kontekst.

#### 5.2.8 Skafthølsøksar datert YBA

Av skafthølsøksene i denne delen er ei datert til periode V (S2922), ei generelt til YBA (S2432), og ei i med generell bronsealderdatering (S9198). Den har vore inkludert i denne delen då ho også er av stein, og er ei skafthølsøks. Steintypene i bruk her er tolka som granitt, rombeporfyr og kleberstein (Figurar 24, 25 og 26).

Skafthølsøksar kunne verte laga av stein godt inn i EBA i den nordiske bronsealderen, men ein har ikkje funne steinøksar i EBA i Rogaland sitt depotmateriale. Som nemnt kan dette vere grunna mine eigne kriterium for sikker bronsealder-datering. Ein finn likevel steinøksene i YBA. Spesifikke lokale typar indikerer ein vid bruk, i hovudsak utanføre dei sentrale regionane i den nordiske bronsealderen. Ein kan argumentere for at steinøksene i dette materialet har meir til felles med praktøksene i bronse enn med ordinære reiskapar for trehogst, som forsvann i løpet av BA til fordel for dei mindre holkøksene frå periode VI (Thrane, 2006, s. 493). Sånn sett kan steinøksene og Lundeøksene moglegvis ha ein symbolsk samanheng, til tross for at utsjånaden er svært ulik.

Skafthølsøksene i YBA skil seg frå skafthølsøksene i EBA i materiale og utsjånad. Dei har ulik form, er laga i stein i staden for bronse, og kan vere mindre i storleik. Øksene i dette materialet har både konisk og dobbelkonisk skafthøls. Alle tre har ein unik utsjånad i det Rogalandske depotfunn-materialet. S2432 er ei skafthølsøks med nakketapp, og har ei spesiell form som minner om Minnen fig. 328 (). Denne har ein nærmast trekanta egg, som munnar ut i ein smalare, meir avrunda tapp på bakenden av øksa. Eggen er butt. S2922 minner om fig. 351 i Montelius (1917). Øksa i dette materialet er meir diamantforma enn fig. 351, med to tappar på kvar av sidene av skafthølet. Nakketappen er avrunda og eggen er butt. Eggen på S9198 er butt, og har sannsynlegvis i moderne tid vorte slått av (digitalisert tilvekst, unimus).



**Figur 24:** S9198, truleg kleberstein. Øksa er 10,3 cm lang. Foto: Sara R. Langvik.

Vi ser bruksspor på S2432 (Figur 25) i form av knusespor på nakketappen. Denne er truleg moderne. Det lykkes ikkje å identifisere gamle bruksspor på dei to andre.



**Figur 25:** S2432, truleg rombeporfyr. Øksa er 13 cm lang. Foto: Sara R. Langvik.





**Figur 26:** S2922, truleg granitt. Øksa er 12,1 cm lang. Foto: Sara R. Langvik.

To av skafthølsøksene frå YBA har ukjent kontekst, medan ei er funnen i tørrmark (S9198).

#### 5.2.9 Nakkebøygde økser med skaftfure

To økser med punkthakka skaftfure inngår i dette materialet. Dei er store og massive steinøkser, og dukkar opp i periodane V-VI i mitt materiale. Materialet er tolka som porfyr, som er ein eruptiv bergart, med tett grunnmasse og iliggjande krystallar som ein kan finne i blant anna feltspat (Riiber, 1893, s. 42).

Porfyrøkser er ein funnkategori som tradisjonelt vert knytt til Sør-Skandinavisk bronsealder. Porfyr som materiale vert knytt saman, enten ein har skaftfure, er nakkebøygd, har skafthól, eller er rombisk i form. Porfyrøksene stammer frå periode II til V-VI. Ein finn dei i heile Noreg, også i Nord-Noreg (Bakka, 1976, s. 27- 28).

Sverre Marstrander meiner at ingenting tyder på at desse porfyr- og nakkebøyde øksene har vore i praktisk bruk, og foreslår heller at ein burde oppfatte desse øksene i hovudsak som rangteikn (Marstrander, 1983, s. 101). Inger Storli har knytt porfyr,- og nakkebøyde økser til seremonielle aktivitetar innanføre dei sør-Skandinaviske bronsealder-samfunna (Storli, 1985, s. 105). I alle høve er øksene tolka som ikkje-praktiske økser til rituell bruk.



**Figur 27:** Nakkebøyd porfyrøks med moderne skraper (S6680a). Øksa er 22,5 cm lang.  
Foto: Sara R. Langvik.

Porfyr er det ikkje mykje av i Noreg, som nemnt tidlegare, og det er gode sjansar for at desse øksene er importerte. I Noreg finn ein rombeporfyr i Oslo-området (Corfu og Larsen, 2020). Desse øksene er ikkje av rombeporfyr, då rombeporfyren, som namnet tilseier, har karakteristiske rombeliknande flekker.

Dei nakkebøyde øksene har ein tydeleg bøy i nakken, i forhold til skafthølsøksa, til dømes. På S6680a er også utsvingen på eggen prominent (figur 27).

Øksene i dette materialet viser teikn til moderne bruksspor, i form av knusespor på 6680a, og slitasje på egg. Forhistoriske bruksspor har ikkje vorte observert. Eggane er butte, og det er ingen teikn på oppskjerping.

Dei to øksene frå Rogaland er funne fem meter frå einannan. Vidare kontekst omtalast ikkje. Dei er truleg nedlagde i lag, då det er usannsynleg at to like økser vart funne så nærre einannan elles. Forstyrningar i jorda kan ha gjort at dei har vorte separerte, til dømes ved pløying.

### 5.3 Samanfatning

Øksa har hatt ein lang historie i Rogaland, og vert i dag sett på som eit viktig symbol i bronsealderen. Det er 43 økserelaterte gjenstandar, i både bronse og stein, som eg har analysert i dette kapitlet.

I analysen av steinøksene viser dei to nakkebøyde porfyrøksene teikn til bruk, i form av hakk i egg og knusespor, men desse later til å vere moderne. I tillegg er begge eggane butte, så det later ikkje til at dei har vore i praktisk bruk. Både seremoniell bruk og brukt som verdigheitsteikn har vore foreslått som funksjon for øksene. Skaftholsøksene av stein later heller ikkje til å ha vorte brukt praktisk heller.

I analysen av støypeformene viser det seg at tre har bruksspor i form av misfarging. Ein deponerte brukte former. Bronseøksene vert også i hovudsak brukt før deponering (Tabell 9).

| Øksetype                       | Sikre bruksspor  | Antal  |
|--------------------------------|--|--|
| Støypeform                     | Misfarging.  | 3  |
| Skafthølsøks EBA               | Slitasje på egg.   | 1 (S3664)                                    |
| Randlistøks                    | Slitasje på egg.   | 7  |
| Avsatsøks                      | Slitasje på egg (S5030, S8220, B3219, B5308)<br>Oppskjerpa egg (B1001, B2726)                        | 6 (S5030, S8220, B3219, B5308, B1001, B2726) |
| Holkøks                        | Slitasje på egg i form av hakk, ujamn slitasje og butte egg-hjørner (alle).<br>Oppskjerping (S8524). | 14   |
| Skafthølsøks YBA               | Nei.   | 0  |
| Nakkebøyde økser med skaftfure | Nei.   | 0  |

**Tabell 9:** Grov oversikt over forhistoriske bruksspor på øksene og formene, som gjennomgått i kapittel 5. Somme er vanskelege å sjå bruksspor på grunna fjerna patina og korrosjon og er dermed ikkje tatt med.

Det er også tydeleg at skadar, støypefeil og bruk dermed ikkje forhindrar økser frå å verte nedlagt. Men det var heller ikkje norma å støype økser spesifikt for å deponere. Dei fleste øksene er symmetriske, kombinert med at ein ofte finn støypefeil i form av luftbobler. Dette kan tyde på at ein kanskje hadde tilgang på gode former, men kanskje ikkje til erfarne smedar. Defektar i støypinga kan føre til materialtrøyte, og økser som vert øydelagde og sprekk (Fregni, 2014, s. 32 og 201). Støyparen har kanskje ikkje hatt eit estetisk mål, og somme gonger, heller ikkje eit funksjonelt eit. Det kan i hovudsak vere ukyndige støyparar. Om ein trong ei øks til gardsarbeid har ein truleg brydd seg mest om øksa fungerte eller ikkje. Men om det var så enkelt å støype bronse som Nilsson (2011) hevdar, har ein kanskje ikkje brydd seg om materialtrøyte og estetikk då ein lett kunne støype ei ny øks om ho vart øydelagd.

Støypefeil gjer at ein tenkjer at utsjånad ikkje var viktigst. Konsekvent i materialet frå Rogaland har ein ikkje pussa ned skaft-enden av øksa. Det var ikkje var nokon praktisk nytte i å gjere dette då området ikkje ville synast under skaftet.

Støypeformene vert ikkje funne i våtmark. Materialet viser at øksene nesten eksklusivt vart lagt ned aleine. Ved to tilfelle vart dei likevel lagt ned med andre økser. Dei vart aldri lagt ned saman med andre gjenstandstypar, og ein blanda heller ikkje steinøkser og bronseøkser. I tillegg viser analysen at øksene sannsynlegvis ikkje vart deponert med skaft. Våtmarkskontekst ville bevart skaftet om det rutinemessig vart lagt ned med øksa. Dermed ser skaftet ut til å ha vorte fjerna før deponering.

Øksene har ulike historier og biografiar. Somme har blitt brukt og andre ikkje. Vi ser moglege mønster som indikerer ritual, og korleis ein har handsama ulike øksetypar og material. I neste kapittel vil eg diskutere biografiane vidare.



## 6. Diskusjon

Gjennomgangen av øksene sine biografier i kapittel 5 viser at dei er varierte. Eg vil i dette kapitlet diskutere desse resultatane vidare, og trekke inn agens og biografi-perspektivet. Dette vil diskuteras for å undersøke korleis øksene i materialet reflekterer depotpraksis.

### 6.1 Øksa tar form – Materialet

I kapittel 5 vart stein som materiale i øksar gjennomgått biografisk. I en sosial prosess vil steintype moglegvis ha ei rolle eller assosiasjon knytt til seg. Ulike typar steinar kan ha hatt ulike betydingar. Nyland (2017) foreslår at stein frå spesifikke steinbrot kan vere tilknytt status (Nyland, 2017, s. 136-137). I ein sosial prosess vil stein-type moglegvis ha ein assosiasjon knytt til seg. Ulike typar steinar kan ha hatt ulike betydingar. Forutan dette, kan ein tenkje seg at utsjånaden til stein kan ha vore grunnen for utveljing av stein til tilverking. Ein kan ha nytta spesifikke steinsortar fordi det gav øksa eit estetisk preg, som skafthølsøksa S2432, med ulike fargar på steinen (Kap. 5.2.8). Utval av steinsort kan dermed ha vorte basert på estetikk eller status. Det treng ikkje å ha vore ein hovudgrunn for utval, men kan ha hatt noko å seie i prosessen. Bronse og unikt utsjånande stein vil ha vorte opplevd visuelt. I følge Gell (1998) sitt syn på agens vil dermed utsjånaden til øksa gjere noko med folk som såg den. Dette ville igjen gjort at ein hadde hugsa øksa betre, og situasjonar knytt til henne. Materiale i depotfunn generelt verkar å ha vore nøye utvald, og kan ha hatt like mykje assosiasjonar knytt til seg som depotgjenstandane sjølv. Depotgjenstanden har fleire lag med betyding.

Stein og bronsesaker vart ikkje lagt ned saman i depot. Som nemnt i kapittel 5.2.3 at ritual er knytt til bronsegjenstandar. I tillegg kan metallet og støypeprosessen ha hatt symbolsk verdi. Om bronzen har assosiasjon til kosmologiske idear og symbolikk kan også stein som materiale hatt ei anna betyding enn det bronzen hadde i BA. Det at ein skil desse to materiala i depot, viser at det har vore ulike oppfatningar rundt bronse og stein som materiale.

David R. Fontijn (2002) forklarar dette skiljet med at metall var høgare akta enn stein. Dei fyrste bronseøksene i Nederland at dei likna steinøksene, men fekk ein meir metallvenleg form, som vart normativ etter kvart. Ein parallell i det Skandinaviske materialet er dei Skandinaviske flintdolkane som har imitert støyperendene i flinten. I Nederland finn ein også øksar med imiterte støyperender. Eg har ikkje observert dette på steinøksene i Rogalandsmaterialet, men dette kan vere pga. mi ekskludering av SN/BA-øksar. Ein har ikkje imitert støyperendene, men fasettane på øksa S2432 av stein kan likne fasettane på holkøksar. Støyperendene må ha vore assosiert med metallet (Jf. Gell), og dermed har ein tatt seg ekstra tid med å imitere desse, for å overføre assosiasjonane ein hadde knytt til metall, over på flintdolkane. Metallet kan ha hatt assosiasjonar som folk ville overføre til stein. Dette kan også vere tilfellet for S2432.

Fontijn (2002) skriv i tillegg at somme depot inneheld stein,- og bronseøkser samstundes, der han nemner to døme frå Belgia. Dette kan vise at metall og stein likevel var likestilt (Fontijn, 2002, s. 76). Ein har ikkje funne blanda material i øksedepot frå Rogaland enno. Funn av økser av begge material skulle kunne vise at metall,- og steinøkser vart likestilt, noko det ikkje tyder på å vere. I framtida kan ein finne fleire slike funn, men foreløpig kan ein berre seie at det er få av desse. Det er sannsynleg at det er ulike tankar knytt til materiala som gjer at ein i hovudsak skil materiala i depot, som assosiasjonar i forhold til handlingar med og rundt materiala. Bronsen kan ha vore meir tilknytt depot og difor lagt ned. Kanskje må assosiasjonar rundt materiala passe med assosiasjonane rundt deponering som fenomen i perioden.

Engedal (2006) skriv at det var måten bronzen vart skapt på som skilde han frå andre gjenstandar. Erfaringar med korleis bronzen vart tilverka sette spor, og skapte nye rammer for korleis menneske forstod seg sjølv og omgjevningane. Menneske lét seg imponere og styre av gjenstandar dei ikkje forstår. Med eit mystisk opphav utfordrar slike gjenstandar referanserammer, og forståinga av korleis gjenstanden vert laga vil då overstyre og forme forståinga av gjenstanden når han er ferdig (Engedal, 2006, s. 37). Grunnen til at bronse og stein dermed har vore åtskild i depotsamanheng kan vere at ein tilverkar dei på to ulike måtar, og at dette skapar ulike konnotasjonar.

Med tanke på reiskapar i dagleglivet, er det tydeleg at innføringa av metallet ikkje endrar mykje. Fontijn (2002) skriv at skraparar, knivar og pilspissar haldt fram med å verte laga i flint. Utbyttinga av stein med metall var i stor grad overflatisk, men i praksis ser det ut til å ha vært avgrensa til øksa (Fontijn, 2002, s. 75). Dette stemmer med Rogalandsmaterialet også, då ein ser at hovudtyngda av bronsesaker er økser (Jf. kapittel 4). I hovudsak ser det ut som at øksene er den einaste reiskapen som i stor grad vert laga i bronse, noko som stemmer med Rogalandsmaterialet.

Helle Vandkilde (1996) meiner at det var integreringa av bronzen inn i sosiale kontekstar som skapte eit behov for metallgjenstandar. Øksa var dominerande i den tidlege bronsebruken i Danmark. Ein brukte metallet til randlistøkser og ikkje andre gjenstandar i den fyrste metallperioden (Vandkilde, 1996, s. 267). Dette var truleg grunna ei gamal kulturell vektlegging på økser som vart gjenoppliva. Som verdifulle gjenstandar vart dei fyrste metalløksene handsama etter kulturell tradisjon og deponert i rituelle depot. Dei vart deponerte åleine eller saman, og oftast i våtmark. Vandkilde foreslår at metalløks-depot var meir eksklusive, då dei vart reservert til ein spesifikk del av det felles domene. Verdi på bronseobjekt vart forsterka gjennom den spesialiserte rituelle konteksten. Sjølv om økser av flint og metall har liknande form i SN, indikerer likskapar og skilnadar i kontekst, at det er likskapar og skilnadar også i symbolsk meining og funksjon, meiner Vandkilde (Vandkilde, 1996, s. 267). Steinøkser har vorte deponert i SN i Danmark, men då ein laga økser i bronse, vart bronseøkser kulturelt og rituelt vektlagt meir enn steinøksene. Sett opp mot Gell (1998) sitt syn på agens, så har øksene som aktørar fått større påverknad på menneske, gjennom introduksjonen av bronse. Det vil vere umogleg for oss å vite kva øksa betydde før dette, men øksa hadde uansett ein assosiasjon som gjorde at ein valde nesten eksklusivt å støype økser i bronse i EBA. Bronseobjektets verdi vart forsterka gjennom ein rituell

kontekst, som har gjort at økser, bronse og depot har vorte assosiert med einannan. Dette har nok også vore tilfellet i Rogaland, då ein finn mest økser i depot her også.

Materiale verker viktig i utveljinga av depotgjenstand. At bronsealdermenneska har separert stein og bronse konsekvent, iallfall i Rogaland, viser til at depot kan representere «idear». Om det var menneske til stades for å observere depot-gjenstandane, vil dei nok ha knytt spesifikke idear til gjenstanden og materialet dei observerte. Ein har vald ut gjenstanden spesifikt fordi den innehar ein agens, ein assosiasjon som gir gjenstanden påverkingskraft. Dette kan vere ein form for kosmologisk assosiasjon (Jf. kap. 5.2.2 og 5.2.3). Dette er dermed eit mønster, og handlingar som kan observerast i materialet.

Både stein og bronse vert funne i depotfunna frå Rogaland, og vil dermed også vere tolka på same måte. Materiale er viktig i utveljinga av depot-gjenstand, og det kan virke som idear om materiala har ført til at ein deponerer dei separat. Bronse kan virke som det føretrekte materialet, men er moglegvis berre assosiert meir med depot enn det stein var; Grunnen til dette kan være estetikk og beundring av materialet. Det har nok vore meir komplekst enn som så, men estetikk kan ha vore ein av mange faktorar som spelte inn i nedlegging. Det tyder dermed på at utveljing av materiale også kan vere ein viktig del av depotskikken, og ikkje berre utveljing av gjenstand, i forkant av deponering. I tillegg har Vandkilde påpeikt ein samanheng mellom økser, bronse og depot, der desse tre kan ha vorte assosiert med einannan. Dette kan forklare kvifor ein i depotskikken oftast legg ned bronse som materiale, og økser som gjenstand.

## 6.2 Øksa tar form – støypeformer og støyping

To halvdelar til ei støypeform er sjeldan å finne saman, då ein for det meste berre finn eine halvdelen. I det innsamla materialet har vi to slike halvdelar som høyrer til same form (S4660 og S7090). Støypeformene i det innsamla materialet vart funne i åtskilte kontekstar. S4660 vart funne i røys i 1924-25, medan S7090 vart funne i mark 20 år seinare (Digitalisert tilvekst, unimus). Funn i ulik kontekst kan skyldast jordbruk. Vi kan ikkje vere heilt sikre på kvifor dei to formene har ulik kontekst, men basert på informasjonen tilgjengeleg er det sannsynleg at dei vart deponert i relasjon til einannan. Desse støypeformene føyer seg inn i rekka av støypefunn som har rituelle undertonar, og viser til spesifikke handlingar (Jf. Kap. 5.2.2-3). Det kan ha vore eit ritual etter støyping, som har vore med på å ivareta den eksklusive støypekunnskapen ved å skjule etterlatenskaper av støypinga. Desse støypeformene har vore mykje verdt, og ein har moglegvis skjult dei for seinare opphenting. Likevel er det ikkje dermed sagt at ein type deponering som denne ikkje også har hatt innslag av ritual, og at idear knytt til støypeformene gjer at ein deponerer dei.

På somme støypeformer i det innsamla materialet ser vi tydeleg teikn på bruk, som tyder på at ein har brukt desse før ein deponerte dei. Bruk av støypeformene vil ha forsterka assosiasjonen mellom støypeformene og støyping. At ein brukte kleberstein til støypeformer kan ha gjort at ein knyta spesifikke førestillingar til kleberstein, og at ein dermed aktivt assosierte kleberstein med støyping (Jf. Gell, 1998). Fysisk kan ein dermed sjå måten støypeformene har vorte handsama på, og vidare korleis ein såg på støyping, gjennom

deponering av støypeformer. Det kan verke som ein har opplevd støyping som noko som er sett i ein større kosmologisk samanheng (sjå kap. 5.2.3), då ein har deponert støypeformer i røyser, som kan tolkast som ein type alter (jf. kap. 4.3; Kaliff, 1998). I forhold til det biografiske perspektivet er det kanskje biografien til støypeformene, det at dei har vore brukt til støyping, som gjer at ein deponerer dei.

Goldhahn (2007) skriv at bronsesmeden sitt arbeide må ha relatert seg til samfunnet sine sosiale og ideologiske sfærar. Smeden satt inne med ein eksklusiv og mystisk kunnskap. Goldhahn meiner også att dei uinnvigde må ha vorte heldt på avstand, og at støypekunnskapen har vore samansmelta med blant anna kosmologiske metaforar (Goldhahn, 2007, s. 103). Engedal (2006) skriv at tilverkinga av metallgjenstandar kan ha likna hendingar som fann stad rundt menneska i perioden, og at tilverkinga av bronse kan ha vore knytt til desse hendingane i menneska sitt liv (Engedal, 2006, s. 41). Støyping har også vore påvist på fleire buplassar i Skandinavia (Jaanusson, 1971, s. 178-179; Anfinset, 2006, s. 35; Diinhoff, 2006, s. 83; Melheim, 2015; Sörman, 2018). Det treng likevel ikkje å ha vore slik at støyping var så sjeldan og eksklusivt som vi trur, men at ein har drevet med dette i større grad enn vi har funne empiri for (Sörman, 2017).

Når ein støyper, transformerer man ein natur-ressurs. Metaforane Godhahn nemner, kan vere knytt til denne transformasjonen. Støypinga kan vere eit symbol på transformasjon (Goldhahn og Oestigaard, 2008; Goldhahn, 2009; Engedal, 2010), som menneske gjenkjenner at kan symbolisere deira liv. Agensen til støypegjenstandar kan dermed ligge i deira assosiasjon til støyping og transformasjon. Det kan ha vore ei samtidig oppfatning om at støyping var knytt til dagleglivet også, om støyping var meir daglegdags, som forskning tyder på. Det er òg ein kosmologisk tilknytning til bronsestøyping, og dette kan nok også vere dratt til andre delar av bronsealder-verda – daglegdagse handlingar overlappa nok med ritar og kosmologiske idear.

Deponerte bronsesaker og støypeformer kan inneha ei tilknytning til idear rundt støyping, som transformasjon, som gjer at ein deponerer dei. Biografien kan dermed vere grunnleggjande for kvifor ein deponerer ein gjenstand. Kanskje det gjeld depotpraksis generelt.

### 6.3 Handsaming og bruk av øksene

*Etter å ha analysert øksene fysisk observerte eg varierte biografier – somme økser hadde vorte mykje brukt, medan andre verka ubrukte og upraktiske. Somme hadde dekor, medan andre var udekorerte. Det var også ein variasjon i storleik, frå små holkøkser til massive kultøkser. Holkøksene var øksetypen det var mest av i materialet.*

Holkøksene i det undersøkte materialet går frå å vere større i EBA og gradvis verte mindre utover i BA. Dette kan vere for økonomiske grunnar, då ein ville ha spart meir materiale jo mindre øksa var. Dei fleste holkøksene er meir eller mindre symmetriske frå periode III-VI. Dette kan vitne om at ein hadde tilgang til gode former. I tillegg er det mykje slitasje på øksene. Få av øksene har teikn til tung oppskjerping, som tyder på at ein ikkje brukte øksene lenge før dei vart nedlagde. Dette framhevar også Engedal (2010, s. 214). Likevel kan dei ha vore omstøyppt fleire gonger før dei vart nedlagde.

Dekoren på holkøksa B11805 er unik i norsk og nordisk materiale, og det er lett å tenke at dette er for estetiske grunnar. Samstundes er øksa ufullstendig støypt (figur 19, kap. 5.2.7), og ein har ikkje forsøkt å støype ho på ny. Det er også slitasje på eggen, som gir øksa ein dualitet: ein kan sjå både bruk (slitasje på egg), men også dekor, som kanskje vil vise til ei meir estetisk, kanskje meir symbolsk øks. Kultøksene frå Lunde er t.d. ein øksesetyp med mykje dekor som ikkje viser teikn på praktisk bruk. Det er ikkje dekor ved eggen til B11805, noko som kan bety at ein har lagt til rette for bruk utan å stå i fare for å øydelegge dekoren. Dekoren er nok inspirert av tekstilkeramik, og keramik inngår i rituelle handlingar, for eksempel som oppbevaring for nedlagt mat og væske eller menneskebein, eller som offergjenstand i bronsealderen (Melheim, 2006, s. 52). Dermed er kanskje dette mønsteret knytt til symbolismen assosiert med tekstilkeramikken. I tillegg kan ei slik unikt utsjåande øks, som også gjeld B10999, ha vorte lett å kjenne att, og kanskje har ein knytt historier opp mot øksene, dei som hadde brukt øksa, den som laga øksa og handlingar knytt til henne. Øksenes bruk vil ha vore knytt til visse assosiasjonar i folk, som igjen vil assosiere desse med tidlegare erfaringar med økser (Jf. Gell, 1998).

Lundeøksene er kultøkser utan tilsynelatande funksjonell bruk (kap. 5.2.4). Det er to andre kultøkser frå Noreg utanom Lundeøksene. Dei har lite dekor (Engedal, 2010, A.12; B7364, unimus; C7951, unimus), og Fårdrup-øksene som er datert nært i tid til Lundeøksene, har stundom dekor (Kap. 5.2.4; Vandkilde, 1996). Det er freistande å tenkje at dekor var viktig. Øksa B10999 er dekorert med hastverk. Somme stader har ein ikkje fullført dekoren, og det virkar som ein har vorte avbroten i arbeidet. Kanskje det var å dekorere, eller symbola, og ikkje resultatet som var viktigast. Om ein har brukt desse øksene i prosesjon, som helleristningar indikerer (sjå kap. 5.2.4) er det ikkje sikkert ein fekk sjå dekoren, då ein berre ville kunne sjå detaljane på nært hald. Det kan vere at det var økseforma som skulle sjåast, og dekoren treng ikkje å ha vore den viktigaste delen av øksa sitt uttrykk.

Det er dermed sannsynleg at opplevinga av øksene var meir knytt til forma av øksa, moglegvis metallet, og det øksa fysisk gjorde. Forma ville gitt ein assosiasjon til handlingar knytt til økser, både kvardagslege og meir rituelle, og ville gitt øksene agens gjennom assosiasjon til liknande økser. Økseforma, og også utsjånad, med dekor og farge, kan ha spelt inn og vore viktigare enn til dømes funksjonalitet. Dette ser vi poengtert gjennom økser med nedsett funksjonell evne. Då det er mange ulike økseformer i materialet diskutert i denne oppgåva, kan dei ulike formene ha betydd spesifikke ting for dei samtidige observatørane. Kanskje ein assosierte holkøksa med arbeid, medan kultøksa var assosiert med ritual.

Ein brukte økser blant anna til skogrydding og endring av landskapet. Ein brukte henne også til å rydde områder for jordbruk. Øksa kan dermed ha vore knytt til transformasjon pga. bruken. Idear om transformasjon kan vere knytt til støyping også, idear som har vore overført til bronseøksa. I tillegg kan ein ha knytt øksa til fruktbarheit gjennom assosiasjonen med jordbruk, som kan ha vore ein av grunnane til at ein nytta økser i ritual.

*Felles for økser kan dermed vere at ein kan ha assosiert økser med makt over naturen, transformasjon, jordbruk og fruktbarheit. Dette kan også ha vore ein grunn for at øksa er*

*den gjenstanden som går oftast igjen i materialet, om dette har vore ein viktig assosiasjon for bronsealder-menneska då desse temaa kan synast viktige for, og vere ein parallell til, livet i bronsealder. Depotet i seg sjølv kan vere transformerande for gjenstanden, då ein fjernar øksa frå samfunnet. Dei deponerte øksene i materialet viser også teikn til bruk, både praktisk og symbolsk. Ein har truleg ikkje brukt dei lenge, før ein deponerer dei. Det at ein bruker øksene før dei vert deponert viser at dei kunne inngå i både ein praktisk og rituell kontekst. Det kan ein også seie om depotpraksis. Det er ikkje snakk om at depotgjenstandar er enten er rituelle eller praktiske, men om daglegdagse gjenstandar som kan ta på seg ein rituell karakter gjennom handlingar dei er knytt til. Depotpraksisen er kompleks, men kan i hovudsak handle om korleis samfunnet interagerer med både gjenstandar,- og menneske sin agens.*

## 6.4 Under torva

Deponerings-prosessen går i ulike steg. Desse stega vil eg utforske i denne delen, der eg vil gjennomgå kontekst for depot, moglege ritual før nedlegging, samansetjing av depota gjennomgått i kapittel 5, og fortolke dei analyserte øksene i forhold til teori.

### 6.4.1 Deponering og kontekst

Mesteparten av depota i Rogalandsmaterialet har vorte funne på stader i landskapet som ligg eit stykke unna dei busette områda. Kontekst treng ikkje naudsynleg ha symbolisert noko, men om det har det, er det ifølge Gell (1998) umogleg for oss å seie noko om, då ting sjeldan vert oppfatta slik det var påtenkt. Korleis har heller desse kontekstane fungert, og vorte opplevd? Både lukt, lyd og utsjånad kan ha spelt inn, og gitt agens til deponerings-staden. Den kan ha blitt opplevd som aude og trygg for forstyrning, og kan ha vore ein faktor for nedlegging vekke frå buplass. Somme av desse kontekstane er likevel moglegvis nærare buplassar enn det vi trur, då ein ikkje har fått undersøke områda rundt depotfunna. I tillegg er buplassfunn ikkje tatt med i oppgåva, som vil forsterke dette synet. Myrer og fjellområde eignar seg ikkje for busetjing, og dermed fell mange av kontekstane i det innsamla materialet inn under denne oppfatninga. Det kan ha vore eit poeng at depota som vart deponert i utmark skulle vere separat frå menneskeleg påverknad. Likevel veit vi at depot frå buplass eksisterer. Det kan verke som ulike deponerings-stader har hatt ulik funksjon.

Analysen i kapittel 5 viste at dei deponerte øksesakene sin nedleggingskontekst var relativt jamt fordelt på våtmark og tørrmark. Det kan verke som skaftfureøksene, støypeformene, holkøksene og skafthølsøksene av stein oftast har vorte funne i tørrmark, medan skafthølsøksene av bronse, randlistøksene og avsatsøksene har oftast vorte funne i våtmark. Dette tyder på at ein deponerer meir i våtmark i EBA, og meir i tørrmark i YBA. Om dette er tilfellet, kan det tyde på at ein har endra depotskikken over tid, og kva kontekst som vart føretrekt. Det har vore nemnt at depotskikken endra seg i YBA då ein byrja å legge ned fleire smykke og færre reiskapar (kap. 4.2.1; Johansen, 1993; Melheim, 2006; Henriksen, 2014). Ein la også ned færre depot enn i EBA. Kanskje skifte i føretrekte kontekst også representerer dette skiftet i depotgjenstandar og deponering. Endring i depotskikk kan ha vore påverka av ein felles årsak. I materialet frå Rogaland er det ikkje eit like stort skifte i

gjenstandar frå EBA-YBA, men det synes i ein mindre skala. Det er snakk om få tal, men då det synes å vere eit skifte i depotskikk frå EBA-YBA, verkar det plausibelt at dette også har påverka kontekst. Sjølv om depot og økser kan representere transformasjon, kan nedleggingskontekst representere ein type transformasjon; kva gjenstanden spesifikt skal transformerast til. Det er interessant at ein byrja å deponere andre gjenstandstypar, samstundes som ein kan ha endra føretekst kontekst i det undersøkte materialet frå Rogaland. Assosiasjonane knytt til våtmark ha endra seg eller vorte tilsidesett til fordel for assosiasjonar til tørrmark.

Somme stader deponerte ein fleire gonger over tid (kap. 4.2.2). Ved Fluberget hadde ein til dømes deponert både ei øks og to bronselurar, dette i same tidsperiode. Ved Fluberget kan ein godt ha visst om det andre depotet då dei var frå same periode. Grunnen til at ein har deponert her, er sannsynlegvis at helleristingane på Fluberget har vore viktige og gitt staden agens og gjort han attraktiv som deponerings-stad. Menneske kan ha vore påverka av handlingane som hadde vore gjort der på eit tidspunkt, til å deponere der igjen. Likevel har ein ikkje deponert meir ved Fluberget enn øksa og bronselurane. I hovudsak legg ein ned gjenstandar på ein stad berre ein gong, og det viser at det ikkje var vanleg å legge ned fleire gjenstandar på ein stad i depotskikken i Rogaland. Det kan virke plausibelt at deponerings-handlingar og den deponerte gjenstanden gav staden ein agens, og at dette kan ha påverka mønster i nedlegging. Det verker usannsynleg at ein ikkje skulle ha deponert fleire gonger på same stad, med mindre ein unngjekk å deponere på tidlegare deponerings-stader. Det betyr at ein må ha visst kvar tidlegare depot var nedlagt. Om ein ikkje visste om tidlegare depot, ville det truleg ha vore fleire depot plassert tilfeldig i nærleiken av einannan, enn det vi ser i materialet. Det er likevel for vanleg i det innsamla materialet at ein ikkje finn andre funn i direkte nærleik til depotet. Agensen depotet hadde kan ha forhindra folk i å deponere på same stad igjen.

Somme depot i det innsamla materialet har meir visuelle markørar, som røyser, medan andre er meir anonyme, som funn frå flat mark. Kontekst er så variert, og dei ulike kontekstane kan ha representert ulike idear. Tørre kontekstar, som røyser og store steinar, kan ha hatt ulik funksjon frå til dømes flat mark, då det visuelt er meir markerande. Visuelle markørar kan ha vore knytt til intensjon om å hente ting igjen, då det ville ha vore enklare å finne att. Det treng ikkje å vere eksklusivt knytt til denne funksjonen, då ein samstundes kan ha hatt innspel av ritual og symbolikk. Tidlegare har det vorte diskutert at graver og depot har liknande trekk. Bronsealder-menneska kan ha opplevd visuell markering som assosiert med gravskikken i EBA, som var meir visuell. Det var ein intensjon om at ein skulle markere staden, og den skulle kunne bli sett av andre.

Dette seier noko om depotskikk, då ein har markert somme depot, men ikkje andre. Det seier også noko om intensjon, og byggjer opp under oppfatninga om at kontekst kunne vere knytt til ulike idear, og at ein har vald ut kontekst for å passe til funksjonen depotet skulle ha.

Ein fann bein i røysa frå Sømme (Jf. Kap. 4.1), men dei var ikkje brente. Dette viser at beina må ha vorte nedlagte etter eit ritual som involverte kolet. Trass i at røysa ikkje er stor, måtte ein likevel ha samla inn stein og samla dei i formasjon. Det verkar mindre sannsynleg

at ein har konstruert ei røys berre for å markere kvar ein har lagt ned ein gjenstand for seinare henting. Vi kan observere handlingar her som har hatt ei drivkraft bak seg, som skil denne konteksten frå andre kontekstar i tørrmark. Eit innvigsritual kan til dømes ha tatt stad før sjølve deponeringa i røysa. Røysene vert handsama annleis, og ein har sannsynlegvis opplevd dei ulik frå andre depotkontekstar. Dette tyder på at det kan vere spesifikke gjenstandar som høyrer til spesifikke kontekstar. Det viser også at ritual tok stad før ein deponerte, og kan ha vore ein del av depotskikken generelt.

Mønster som kan sjåast i forhold til kontekst er blant anna at kontekst vert vald ut basert på funksjon. Ein ville kanskje visuelt markere depotet, slik at det kunne observerast. Ein hadde heller ikkje som intensjon for gjenstanden at den skulle ligge uforstyrra. I tillegg deponerer ein i hovudsak ikkje same stad fleire gonger, noko som kan vere grunna den deponerte gjenstandens agens.

Handlingar knytt til kontekst kan vi sjå i utval av kontekst. Det er tidlegare argumentert for at depot representerer transformasjon, og om det er tilfellet, kan utval av kontekst representere typen transformasjon gjenstanden skal gå gjennom. Ein kan sjå ulike kontekstar som visuelt og kontekstuellet har vorte opplevd på ulike måtar. Kontekstar med visuelle markørar vil ha vore opplevd på ein annan måte. Det viser òg intensjon og ein periode med konstruksjon av depotstaden, men òg at ein legg energi i utval og klargjering av depotstaden. Røysa diskutert her har både rituelle og praktiske funksjonar, og spor etter rituelle handlingar tok også stad før deponering, i somme kontekstar.

#### 6.4.2 Deponering og økseskaft

Ein har funne trefragment frå skaft frå berre to økser frå Rogaland i BA (Kap. 5.2.5 og 5.2.7), men òg frå to spydspissar. Ein kan ha fjerna skaftet, rett før eller ei stund før nedlegging på desse gjenstandane. Å fjerne skaftet øydelegg den praktiske funksjonen til øksa. I Hegrafunnet (Jf. Kap. 4.1; Henriksen, 2019) ser vi at somme av øksene er pressa saman i holkenden, som også vil forhindre praktisk bruk. Det kan vere snakk om intensjonell øydelegging av gjenstandar i depot, som er eit velkjent fenomen (Müller, 1897; Shetelig, 1914; Rødsrud, 2005; Quilliec, 2008). Dette fenomenet ser ein i hovudsak i JA, sjølv om ein ser tilfelle frå BA i Sør-Skandinavia også (Levy, 1982, s. 23). Ei forklaring på dette fenomenet er lagt fram av Anne Carlie, som har tolka å intensjonelt øydelegge gjenstandar som ein transformasjon av gjenstanden (Carlie, 2004, s. 214).

At økseskaft er lite bevart kan vere grunna materialet (Jf. kap.5.2.2; Paavel et al., 2019). Det gir meining at skafta må ha vore laga i mjukare materiale, då dette ville gjere det lettare i ein tilverksprosess. Om det var vanlegast med mjuke tresortar som skaftmateriale kan det vere årsaka til at vi har lite funn av denne typen, då dei vil verte dårlegare preservert enn harde tresortar. At ein ikkje finn økseskaft kan også vere basert på ein praktisk funksjon. Fårdrupøksene har moglegvis representert ein viss verdi i metall (Kap. 5.2.8), og øksene i Hegrafunnet har ein mogleg liknande funksjon – dei kan ha vore brukt som eit forråd. Ein kunne ha intensjonelt øydelagt funksjonaliteten til øksa, men likevel ha praktisk bruk for ho. Øksene vert uansett fysisk transformert, Jf. Carlie (2004). Dette



byggjer under ideen om at økser er knytt til transformasjon. Ved at dei ikkje har ein praktisk funksjon lengre vert funksjonen transformert til noko anna.

Våtmarkskontekst ville ha bevart skaftet om det rutinemessig vart lagt ned festa til øksa, men dette finn ein sjeldan i nordisk BA. Det at ein berre har to høve med økser med trebitar igjen av skaftet, viser kor påfallande sjeldan det var å deponere med skaft, og at det sannsynlegvis ikkje var ein vanleg del av depotskikken. Dei to skaftfragmenta frå øksene i Rogaland kan ha vore eit unntak frå ei norm. Kanskje å ikkje fjerne skaftet var den rette handsaminga av øksene, då biografien kan ha kravd det. Desse to øksene kan ha vore tilknytt negative assosiasjonar, og det kunne ha vore ein motivasjon for å ikkje miste kontrollen over øksa. Øksa vart ikkje transformert, og fekk ikkje vende attende til naturen.

Om ein utførte avskafting før nedlegging, kan det tolkast som eit ritual ein måtte utføre før ein kunne deponere ei øks. Då dette også er tilfellet for spydspissane i materialet, kan det ha vore ei norm også for dei.

Fjerning av skaftet har truleg vorte sett på som ei symbolsk handling, då det ikkje vil vere nokon praktisk grunn for å fjerne skaftet. Det ville berre vore tidkrevjande. Øksa sin funksjon vil ved fjerning av skaftet vore redusert. Det kan ha vorte opplevd som at øksene vart transformerte når dei vart nedlagde utan skaft. Ein opplever det kanskje som å fjerne agensen frå den primære aktøren, og la den vende attende til øksa.

Det har allereie vore diskutert at somme kontekstar og materiale krev eit visst hendingsforløp. Til dømes vert ikkje stein og bronse deponert saman, og stein kan kanskje vere knytt til tørrmarks-kontekst. Visse gjenstandar kan ha hatt passande kontekstar dei skulle bli nedlagt i, og ei viss handsaming som kan ha høyrte til. Dette verker som norma, men normene kan ha måtte endre seg ved visse tilfelle. Det viser at ein kunne vere fleksibel innan ritual, og innan depotpraksis. Det kan også vere tilfellet med øksa og avskafting. At ein fjerna skaftet, viser handlingar og mønster felles for øksene frå Rogaland. Det tyder på å vere ei fjerning av menneskeleg agens over øksa. Det kan representere ei større trend, der gjenstandar som spydspissane har gjennomgått ein liknande prosess. Ein kan sjå ritual knytt til spesifikke gjenstandar, så kanskje ulike gjenstandar måtte handsamast på ulike måtar, som var spesifikke for gjenstandstypen. Dette kan bety at depotskikken inkluderte ritual i forkant av deponering generelt, men og at ritual tilknytt depot varierte basert på depotgjenstanden.

#### 6.4.3 Samansetjing av depot

Data presentert i kapittel 5 viser at øksene vart nedlagt åleine. Ein la ikkje økser med andre funngrupper, og berre to døme viser samansette depot med økser. Likevel finn ein økser med andre funngrupper i Aust-Noreg i perioden (Melheim, 2006, s. 78). Engedal har også identifisert 11 samansette øksedepot i Noreg, der åtte av 11 er fleirtypedepot, og berre to inneheld eksklusivt økser (Engedal, 2010, A.27-A.28). Dette inkluderer eit fleirtypedepot med to støypeformer til holkøks (B 11924a-b). I tillegg til dette, er Hegrafunnet også eit samansett funn frå Trøndelag.

Av fleirtypedepota med ein eller fleire øksefunn er funn frå Rogaland (1), og tidlegare Vest-Agder (1) og tidlegare Sogn og Fjordane (1) frå EBA. Funn frå Møre og Romsdal (2) er både frå YBA og EBA, funn frå Trøndelag (3) er frå YBA, og funn frå Nord-Noreg (2) er frå YBA. Frå Austlandet (2) er eit av funna vanskeleg å datere, og eit av funna er frå YBA (Digitalisert tilvekst, unimus). Skiftet i hyppig deponering, frå Vestlandet i EBA, til Trøndelag i YBA, kan forklare kvifor ein ikkje finn fleire fleirtypedepot og depot med fleire økser i Rogaland i YBA (Jf. Kap. 4.2.1; Johansen, 1993; Anfinset, 2006; Melheim, 2006; Henriksen, 2014). I YBA ligg Trøndelag meir gunstig plassert i forhold til metallstraumen som kjem austfrå, medan Rogaland faller utanfor. Dette bygger under synet om at ein hadde ulike handelsveggar for å importere bronse, og at desse skifta i YBA. Rogaland har ein unik posisjon i Noreg i EBA i forhold til metallstraumen, men det kan virke som denne posisjonen i YBA har vorte forminska.

Det kan virke som større fleirtypedepot av bronse med økser i Engedal (2010) sitt materiale i tilhøyrar YBA, kanskje grunna skiftet i metallstraumen. Større depot finst i Rogaland, men held seg til EBA (kap. 4). Av 14 samansette funn, inneheld 7 stk. meir enn to funn samla, og 6 av desse frå EBA. Depotskikken endra seg dermed for Rogalandsområdet, der ein gjekk frå større samansette funn i EBA, til mindre i YBA. For Rogaland kan dette også ha vore basert på at dei større depota inneheldt fleire flintsaker, noko ein slutta å deponere i YBA. Likevel deponerte ein mindre samansette depot i YBA i Rogaland, medan samansette depot i andre delar av Noreg vart større.

Fleirtypedepot er likevel uvanleg, då det av desse 12 nemnte av Engedal (2010), ikkje er meir enn to stk. i kvart fylke. Med Hegrafunnet har Trøndelag tre stk. Det er likevel uvanleg med samansette øksedepot for i Noreg. Å legge ned fleire økser om gangen er likevel noko ein også gjer i tre av fleirtypedepota blant dei 12 nemnt av Engedal (2010), i tillegg til Hegrafunnet. Dette har uansett vore eit unntak, og ein har i desse høva handsama depotet annleis enn vanleg. At ein likevel har deponert mange gjenstandar samstundes kan ha vore knytt til overskot. Deponering treng likevel ikkje å ha vore noko som skjedde framføre andre, men kan ha vore utført av nokre få menneske, evt. ein enkeltperson. Likevel kan andre ha fått sett depotgjenstandane før dei vart frakta til deponerings-staden, eller ein kan ha høyrte om dei. Ein trong ikkje naudsynleg vere til stades ved nedlegging for å verte påverka av depotgjenstandar sin agens, og dermed kan samansette depot ha hatt ei større verknad på folk som visste om det enn det mindre depot har hatt.

Eit depot med fleire gjenstandar kan vere eit forråd. Med fleire ulike gjenstandstypar i depotet, kan depotet ha vore nedlagt med intensjon om å hente gjenstandane seinare, då det kan vere meir tilfeldig kva kombinasjon av gjenstandar ein legg ned. Til dømes kan eit depot med gjenstandar utan tilsynelatande tilknytning til einannan, eller gjenstandar som varierer veldig i uttrykk og materiale, verke tilfeldig samla og nedlagt. Likevel kan det virke som ein kan sjå somme faste mønster for nedlegging i BA i Rogaland, i tillegg til ritual gjort i forkant av deponering. Det er fleire moglege tolkingar, men det er komplisert å skulle dele inn ulike funngrupper basert på intensjon, når det sannsynlegvis var mindre skarpe skilje mellom sakralt og profant. Det kan ha vore litt av begge deler – rituelle innslag, som gjenstandsgrupper som ofte vert nedlagt saman. Eller at ein deponerer visse gjenstandsgrupper. Det treng ikkje å ekskludere at det kan vere eit forråd ein har deponert.

Samansette funn er meir sjeldne i Rogaland i BA, og det kan vere grunna endring i metallstraumen. Rogaland fekk mindre metall i YBA, og fekk kanskje også ein forminska posisjon i forhold til handel. Depot med fleire økser er ikkje knytt eksklusivt til YBA i Rogaland, men det kan virke som ei overvekt av dei få samansette depota vi har funne til no i Noreg er frå YBA, som bygger under dette. Ei endring i depotskikken har dermed truleg funne stad frå EBA-YBA, sjølv om det nok var meir gradvise endringar.

## 6.5 Samanfating

For å belyse depotskikken i Rogaland i bronsealder, vart ulike punkter diskutert i dette kapitlet. Desse punkta var dei ulike underproblemstillingane nemnt i kapittel 1, som omfatta kva depotgjenstandar som inngår i depotfunn i Rogaland, kva mønster og handlingar ein kan observere i materialet, kva som kjenneteiknar nedleggingskontekst, kva det deponerte øksematerialet har til felles, kva som er særlege for øksetypene, kva hendingsforløp som leder opp mot nedlegging, og kva årsaker som kan ha vore bak hyppig deponering av økser. Eg diskuterte materialet, og trakk inn agens og biografi-perspektivet. Etter å ha diskutert materialet, viser biografi-perspektivet seg å vere passande, då det belyser deponering. Særleg då det er gjennom handlingar knytt til gjenstanden at ein kan seie noko om kva som faktisk har skjedd med han. Agens-perspektivet har også vore nyttig i å foreslå moglege forklaringar på det vi ser i den varierte biografien til øksene.

Diskusjonen viste at bronsealder-menneska hadde førestillingar om materialet til depotgjenstandar, då somme material vert separert konsekvent. Hendingsforløpet som leder opp mot deponering inkluderer utval av materiale. Bronse spesifikt kan assosierast med transformasjon, og dette kan vere ein grunn for å deponere mykje bronse. Det å verte deponert kan ha ein transformerande effekt på depotgjenstanden. Biografi synes også å vere relevant for gjenstandar, då vi ser spesifikke bruksgjenstandar bli handsama på spesifikke måtar. Biografien til ein gjenstand kan dermed spele inn korleis ein deponerer han.

Det vart også argumentert for at økseforma kan ha hatt ein symbolsk verdi, og at ho kan ha representert livssyklusen for bronsealder-menneska. Dette igjen kan vere ei mogleg forklaring på kvifor ein deponerer mange økser, då det ville vore eit viktig symbol. Økser har også vorte brukte før nedlegging, noko som viser at gjenstandar har hatt både sakrale og profane aspekt ved seg. Dermed er det vanskeleg å skulle bruke dei gamle depotfunnkategoriane for å tolke materialet. Depot og depotfunn verkar sjeldan å vere berre sakrale eller profane.

I forhold til nedlegging av gjenstandar, kan det virke som også kontekst vart utvald basert på funksjon, og då kanskje også på bakgrunn av gjenstandstype og biografi. Utvalet av kontekst kan representere typen transformasjon gjenstanden må gjennom. Ein deponerer heller ikkje same stad fleire gonger i hovudsak, og dette er truleg pga. nærveret til det tidlegare depotet. Etter å ha vald ut kontekst, har ein utført ritual før deponering. Visuelle markørar for depot har vorte opplevd, og viser intensjon om ein type markering av depotet. Det viser også ein periode før deponering med utval av deponerings-stad og evt.

konstruksjon av staden, som måtte passe med depotets tiltenkte funksjon. I tillegg har det vore argumentert for at ein fjerna skaft på økser før deponering, som har vore ei symbolsk handling knytt til transformasjon. Transformasjon kan argumenterast for å vere knytt til både depot, bronse og økser. Det er i alle høve somme gjenstandar som krev visse ritual før deponering. Dette kan også gjelde depotskikken generelt. Visse hendingsforløp verker naudsynte for materialet og gjenstandar som skulle deponerast. Vi ser hovudtrekk, men også unntak frå desse, som viser fleksibilitet i depotskikken. Endringar i samfunnet vil også ha påverka depotskikken, som gjorde at den måtte vere fleksibel for å kunne halde fram.

Øksene sine biografier var varierte, bl.a. i utforming, bruk, opphavsstad og deponeringskontekst. Det var ikkje alltid enkelt å skulle tolke materialet, då det å anvende dei gamle depotfunnkategoriane kan vere problematisk (Jf. Kap. 2.2). Depotfunnkategoriar som forråd eller offerfunn vert automatisk tillagt ein intensjon, og ekskluderer andre funksjonar depotet kan ha hatt. Sjølv om ein har deponert ei øks for seinare opphenting, betyr ikkje det dermed at ein ikkje har gjort nokon form for ritual i forkant, som avskafting. Det er i alle høve vanskeleg å skulle tolke depotfunn ved å bruke desse kategoriane, då både gjennomgangen av,- og diskusjonen av materialet har vist at depot og depotfunn er varierte, og ofte ikkje passar inn i berre ein kategori. Ved å fokusere på gjenstanden sin agens heller enn ein notidig klassifisering av gjenstanden, kan vi kanskje kome litt nærare kva depot og depotfunn eigentleg betydde i si eiga samtid.

## 7. Avslutning

Denne oppgåva diskuterer depotfunn i Rogaland i bronsealder, og kastar lys på depotskikken med utgangspunkt i økser. Målet har vore å gjere greie for gjenstandar i depot i regionen, kva mønster og handlingar som kan observerast i materialet, kva som kjenneteiknar nedleggingskonteksten til dei deponerte øksene, kva som er felles for det deponerte økse materialet, kva som er særskild med dei ulike øksetypene, kva hendingsforløp som leder opp mot nedlegging, og kva som kan ha bidratt til at økser går igjen i depotmaterialet.

Eg har vald ut 131 gjenstandar fordelt på 75 depot basert på kriteria satt i kapittel 3, som representerer depotfunn i Rogaland. Eg har sett på kronologisk og romleg utbreiing, gjenstandstypar og kombinasjonar, og til slutt sett på nedleggingskontekst. Deretter har eg undersøkt økse materialet. Det er 43 økser og støypeformer, somme med unike biografier. Gjennomgangen av økse materialet hadde som mål å gå gjennom økser sin biografi, for så å gå kronologisk inn på kvar økse type. Gjennom å sjå etter mønster og intensjonelle handlingar knytte til gjenstandar og kontekst, kan ein seie noko om depotskikk.

### 7.1 Konklusjonar

Dei vanlegaste gjenstandane ein finn i depot i Rogaland er reiskapar og våpen. Dette inkluderer spydspissar, eldflint, sverd, avslag, støypeformer og ein bronsedolk. I tillegg til dette førekjem armringar, wendelringar, lurar, keramikkskår og bitar av ubrente bein og gevir. Minst vanleg er bronsedolken, leirkarskåret, og bein,- og gevirbitane. Flintdolkar og økser er gjenstandane ein deponerte mest.

I forhold til handlingar og mønster i materialet observerte eg at økser er spreidd utover bronsealder medan flintdolkane held seg i EBA. Bronse som materiale er vanlegast, og førekjem i over halvparten av depota, ca. 51 %. Ein ser gjennom bronsesakene ei tilknytning til kontinentet, og det kan verka som nedleggingsfrekvens i Rogaland fylgjer den som er vanleg i Sør-Skandinavia. Ein har i hovudsak ikkje deponert økser i mengder i Rogaland, men dette er meir vanleg andre stader. Samansette funn er sjeldnare i Rogaland i BA, og det kan vere pga. endring i tilgang på metall mellom EBA-YBA. Dermed har ei endring i samfunnsforhold truleg påverka deponerings-mønster.

I forhold til kontekst viser materialet at ein deponerer langs kysten gjennom heile BA, og somme område er meir funnrrike enn andre, men ein deponerer sjeldan fleire gonger på same plass. Eg kan heller ikkje observere ein spesifikk nedleggingsmåte som er gjennomgåande for alle depotfunn, men somme funn skil seg ut ved å ha vorte deponert demontert forut for deponering, eller ved å ligge på ein spesiell måte i forhold til andre gjenstandar i depotet. Våtmark som kontekst er vanlegast for depotfunna i Rogaland.

Somme funn tyder på å vere nedlagt i spesifikke kontekstar, som støypeformer. Dei vert i materialet hovudsakleg nedlagt i tørrmark. Støypeformene har ein biografi knytt til støyping, og denne biografien kan ha vore avgjerande for at dei vart deponert som dei vart, medan andre gjenstandar med andre biografier vart deponert på andre måtar. I tillegg unngår ein å

deponere same stad fleire gonger, då den allereie deponerte gjenstanden forhindra dette. Det kan vere ein del av depotpraksisen å unngå å deponere i nærleiken av andre depot.

Somme kontekstar har hatt visuelle aspekt ved seg, som røys-depot. Kontekstar med visuelle markørar kan ha vore opplevd annleis, og ein kan spekulere i om dei har hatt praktiske element ved seg, i at dei var meir synlege enn andre depot. Somme kontekstar har spor etter rituelle handlingar som tok stad før deponering. Dette viser at ein brukte tid på utval og klargjering av depotstaden, som har vore ein del av depotskikken. Depot i røys vert handsama annleis enn andre typar depot, då ein deponerer andre gjenstandar i desse, som bein og keramikk. Depot i røyser kan minne både om depot og graver, då ein deponerer gjenstandar i ei røys på ein ukarakteristisk måte for gravskikken. Dette demonstrerer igjen at funnkategoriane er problematiske då ikkje alle funn har skarpe skilje.

Dette tyder på at det kan vere spesifikke gjenstandar som høyrer til spesifikke kontekstar, sjølv om økser vert funne i dei fleste. Dette kan bety at øksa har hatt mange assosiasjonar som har gjort at ho har gått mellom ulike kontekstar og sfærar. Før ein kan deponere, vil ein periode med utval av gjenstand og tilhøyrande kontekst dermed kome fyrst i prosessen.

Øksematerialet har somme fellestrekk. Dei fleste øksene har vorte brukt i jordbruket og til transformasjon av landskapet, og då er det mogleg at ein har assosiert økser med fruktbarheit, jordbruk, og transformasjon. Tema som dette kan også reflektere livet for bronsealder-menneska, som kan vere ein stor grunn til at ein deponerte økser så ofte då slike tema vil ha vore viktig for dei. I tillegg er det sannsynleg at opplevinga av øksene er knytt til forma av øksa, moglegvis materialet, og bruken av øksa. Dei fleste øksene i materialet har ikkje dekor, og dekor verker som ein mindre viktig del av øksa sin funksjon og uttrykk. Økser vart i hovudsak brukt før deponering, som viser at dei kunne ha både ein praktisk og rituell rolle. Daglegdagse gjenstandar har vorte del av ritual. Det betyr at skiljet mellom den rituelle og daglegdagse sfære ikkje er så skarpt, og at aktørar kan bevege seg mellom desse. Ritual er også knytt til øksene, då ein truleg har fjerna skaftet til økser før ein har deponert dei. Dette kan ha vore knytt til fjerninga av menneskeleg påverknad over øksa.

Bygging av røyser viser også til handlingar som tok stad før deponering. Dette kan bety at depotskikken inkluderte ritual i forkant av deponering, men òg at ritual tilknytt depot varierte basert på depotgjenstandane og deira biografier. Depot med store, samansette funn er uvanleg i Rogaland i BA, men har vorte funne i Trøndelag i YBA. Endringa i metallstraumen mellom EBA-YBA kan vere ein årsak til at somme landsdelar har fleire og større samansette depot. Ulike samfunnsforhold ha påverka korleis ein deponerte på ulike stader, som viser til fleksibilitet i depotpraksis.

Ein grunn til at ein for det meste deponerte bronsegjenstandar kan vere at ein assosierte materialet med transformasjon, då det å støype var ein fysisk transformasjon av materialet. Idear rundt bronse og deponering likna kvarandre, då det å deponere også kan transformere ein gjenstand frå ei sfære til ei anna. I byrjinga av BA støypte ein i hovudsak økser og ikkje andre gjenstandar. Dette kan ha gjort at øksa har vorte assosiert med bronse og støyping spesifikt. Ein knyter også øksa til depot då ho vert sett på som knytt til fellesskapet og ikkje individet, dette då ein nærast ikkje finn økser i graver i bronsealder.

Økser kan òg assosierast med transformasjon gjennom bruken, då økser fysisk har forma landskapet i BA. Idear knytt til økser og bronse, kan vere liknande dei ein assosierer depot med, og vere ein grunn for at bronseøkser vart deponert hyppig i bronsealder.

Hovudmålet med oppgåva var å belyse depotskikk. Gjennom funn og diskusjon er det dermed visse ting ein kan seie om depotskikk i Rogaland. Depotfunn er ofte av bronse og øksene er gjenstandstypen ein deponerer mest. Material og gjenstandsfunksjon verkar å ha vore viktig i utveljing av depotgjenstand, medan estetikk og dekor har virka mindre viktig. I forhold til kontekst er depotfunn oftast nedlagt i våtmark. Ein unngår i hovudsak å deponere same stad fleire gonger, og unngår å blande stein og bronse. I fleire tilfelle brukte ein tid på å finne og klargjere depotstad. I mange høve finst spor etter rituelle handlingar før nedlegging, som kan vere tilfellet for depotskikken generelt. Ein periode med utval av gjenstand og tilhøyrande kontekst kjem før ein kan deponere. Ein ser òg at det profane og sakrale blandast. Depotskikken kan ha hatt ein både kosmologisk funksjon som å oppretthalde universet, men òg meir praktiske funksjonar som å gøyme vekk forråd. Berre å gøyme ein gjenstand for ein periode kan ha inkludert ritual ein måtte utføre. Depot syner seg som ein skikk med ulike funksjonar, men som tydeleg har vore ritualisert og er høgt gjennomtenkt. Ein ser stor fleksibilitet i depotskikken, og endringar gjennom tid viser at skikken tilpassa seg samfunnet og tida den var i. Om ho ikkje hadde vore tilpassingsdyktig, hadde skikken døydd ut. Men det at ein var fleksibel gjorde at skikken kunne halde fram såpass lenge han gjorde.

## 7.2 Avsluttande tankar og vegen vidare

Depotfunn har vore diskutert tidlegare, men depotfunn frå Rogaland i BA er for fyrste gong presentert samla her. Verk som Engedal (2010) og Johansen (1993) har inkludert materiale frå Rogaland før, og eg har i denne oppgåva bygd vidare på deira funn. Denne oppgåva vil vere nyttig for depotfunnforskning i framtida, med tanke på materialet eg har samla, då det kan brukast som vidare utgangspunkt når nye funn kjem til. I kapittel 2.2 diskuterte eg forskingshistoria, og korleis gamle omgrep kan legge føringar for vår analyse av depotfunn i dag. Eg ville undersøke om biletet var meir nyansert. Gjennom mi analyse viste eg at depotpraksis kan vere fleksibel, at samansmelting av sakrale og profane sfærar og handlingar fann stad, og at depotfunn kan ha fleire lag av mening. Analysen har dermed vist at dei kategoriane vi deler depotfunn inn i, ikkje passer alle depotfunn, og kan avgrense vår tolking av kva ein gjenstand eller handling har betydd.

I oppgåva har eg ekskludert gjenstandar utan ei nærare datering enn SN-EBA, samt buplassdepot. Desse er funn som kan undersøkast meir i framtida. I tillegg er det få depotfunn i Rogaland, at det er vanskeleg å seie noko definitivt om trendar innan funngrupper i materialet. Når nye funn kjem til, vil ein få avkrefta eller bekrefta om forklaringar på mønster sett i dette materialet stemmer.

## 8. Litteraturliste

Anfinset, N. (2006). Midtfeltet på Hunn: Impulser og kulturkontakt? UBAS Nordisk, nr. 3, s. 27-42.



Artursson, M. (2009). Bebyggelse och samhällsstruktur. Södra och mellersta Skandinavien under senneolitikum och bronsålder 2300-500 f. Kr. (Doktogradsavhandling, Göteborg Universitet, Sverige). Henta frå:

<https://gupea.ub.gu.se/handle/2077/20054><https://gupea.ub.gu.se/handle/2077/20054>.

Austvoll, K.I. (2019). Constructing identities. Structure and practice in the Early Bronze Age–Southwest Norway. *AmS Varia*, nr. 60, s. 1-80.

Bakka, E. (1976). Arktisk og nordisk i bronsealderen i Nordskandinavia: Nordic and arctic in the bronze age of northern Scandinavia. *Miscellanea* 25, s. 1-56. Henta frå:

[https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmllui/bitstream/handle/11250/228174/342980\\_FULLTEXT01.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmllui/bitstream/handle/11250/228174/342980_FULLTEXT01.pdf?sequence=1&isAllowed=y).

Berge, J. (2007) *Undersøking av hustomter frå slutten av yngre steinalder og eldre bronsealder. Kleppe, gnr. 1, bnr. 22. «Kleppestemmen», Klepp kommune* (Oppdragsrapport B 2007/5). Stavanger: Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger.

Bjørn, A. (1924). Gudinden med halsringen. Et fragment. *Haug og Museum*. Til A.W. Brøgger - 40 Aars-Dagen 11 Octbr: 1924, s. 7-13.

Bjørn, A. (1926). Tidlig metallkultur i Øst-Norge. *Oldtiden XI*, s. 1-76.

Blackwell, N.G. (2018). Contextualizing Mycenaean Hoards: Metal Control on the Greek Mainland at the End of the Bronze Age. *American Journal of Archaeology*, Vol. 122(4), s. 509-539.

Bradley, R. (1998). *The Passage of Arms: An Archaeological Analysis of Prehistoric Hoards and Votive Deposits*. Oxford: Oxbow Books.

Bradley, R. (2005). *Ritual and Domestic life in Prehistoric Europe*. London: Routledge.

Brück, J. (1999). Ritual and rationality: some problems of interpretation in European archaeology. *European Journal of Archaeology*, vol. 2 (3), s. 313-344.

Børsheim, R.L. (2005). Toskipede hus i neolitikum og eldste bronsealder. *AmS-Varia*, nr. 43, s. 109-121.

Carlie, A. (2004). Forntida byggnadskult: Tradition och regionalitet i södra Skandinavien. *Riksantikvarieämbetet Arkeologiska Undersökningar*, Skrifter 57. Stockholm: Riksantikvarieämbetetets forlag.

Caronia, L. og Mortari, L. (2015). The agency of things: how spaces and artefacts organize the moral order of an intensive care unit. *Social Semiotics*, 25(4), s. 401-422.

Cooper, A., Garrow, D. og Gibson, C. (2020). Spectrums of depositional practice in later prehistoric Britain and beyond. Grave goods, hoards and deposits 'in between'. *Archaeological Dialogues* 27, s. 135-157.

Corfu, F. og Larsen, B.T. (2020). U-Pbsystematics in volcanic and plutonic rocks of the Krokskogen Area: resolving a 40 million years evolution in the Oslo rift. *Lithos* 376-377, s. 1-13.

Dahl, B.I. (2007). RV-44-Omkjøringsvei Kleppe, Delrapport KLEPPEVARDEN, Kleppe gnr. 1, bnr. 6, Klepp k. (Oppdragsrapport nr. 13). Stavanger: Arkeologisk museum i Stavanger.

Dahl, B.I. (2014). Arkeologisk utgraving av hus og graver. Myklebust gnr. 3, Sola kommune, Rogaland (Oppdragsrapport 2014/20). Henta frå: <https://uis.brage.unit.no/uis-xmlui/handle/11250/2460543><https://uis.brage.unit.no/uis-xmlui/handle/11250/2425336>.

Dant, T.Dant, T. (2001). Fruitbox/toolbox: biography and objects. Fruitbox/toolbox: biography and objects. *Auto/Biography IX* (1 og 2), s. 11-20.

Dietrich, O. (2015). The earliest socketed axes in southeastern Europe: tracking the spread of a bronze age technological innovation. I Suchowska-Ducke, P., Reiter, S.S. og Vandkilde, H. (Red.). Forging identities: The mobility of bronze age Europe: Volume 2. BAR International Series 2772, s. 39-46.

Diinhoff, S. (2006). En bronzealders bosætning ved Fremre Øygarden i Lærdal. UBAS Nordisk 3, Samfunn, symboler og identitet. Festskrift til Gro Mandt på 70-årsdagen. S. 67-86.

Earle, T., Preucel, R., Brumfiel, E., Carr, C., Limp, W., Chippindale, C. og Zeitlin, R. (1987). Processual Archaeology and the Radical Critique. *Current Anthropology*, 28(4), s. 501-538. Henta frå: <http://www.jstor.org/stable/2743487>.

Engedal, Ø. (2006). Verdsbilete i smeltingen. I: Grønnesby, G. og Moe Henriksen, M. (Red.). Det 10. nordiske bronsealderssymposium, 5-8. oktober. Vitark 6, s. 36-49.

Engedal, Ø. (2010). The Bronze Age of Northwestern Scandinavia (Doktorgradsavhandling). Universitetet i Bergen, Bergen.

Engelhardt, C. (1863). Thorsbjerg Mosefund: Beskrivelse af de oldsager, som i aarene 1858-61 ere udgravede af Thorsbjerg mose ved Sønder-Brarup i Angel; et samlet fund, henhørende til den ældre jernalder. København: Gad.

Forel, B., Gabillot, M., Monna, F., Forel, S., Dommergues, C.H., Gerber, S., Petit, C., Mordant, C. og Chateau, C. (2009). Morphometry of Middle Bronze Age palstaves by Discrete Cosine Transform. *Journal of Archaeological Science* 36, s. 721-729.

Fregni, E.G. (2014). The Compleat Metalsmith: Craft and Technology in the British Bronze Age (Doktoravhandling), University of Sheffield, England). Henta frå: [https://www.academia.edu/7830051/The\\_Compleat\\_Metalsmith\\_Craft\\_and\\_Technology\\_in\\_the\\_British\\_Bronze\\_Age](https://www.academia.edu/7830051/The_Compleat_Metalsmith_Craft_and_Technology_in_the_British_Bronze_Age).

Fyllingen, H. (2003). Society and Violence in the Early Bronze Age: An Analysis of Human Skeletons from Nord-Trøndelag, Norway. *Norwegian Archaeological Review* 36 (1), s. 27-43.

Fyllingen, H. (2012). Arkeologisk utgravning på Jåsund gnr.1, bnr. 6, 10, 19/20 & 27. Sola kommune. Rogaland. (Oppdragsrapport; 2012/22). Henta frå: <https://uis.brage.unit.no/uis-xmlui/handle/11250/2425122>. Henta frå: <https://uis.brage.unit.no/uis-xmlui/handle/11250/2425122>.

Fyllingen, H. og Armstrong, N.J.O. (2012). Arkeologisk utgravning på Tjora, gnr. 10 bnr. 5, 17, og 19. Sola kommune, Rogaland. (Oppdragsrapport;2012/23B). Henta frå: <https://uis.brage.unit.no/uis-xmlui/handle/11250/2419267> <https://uis.brage.unit.no/uis-xmlui/handle/11250/2419267>.

Fyllingen, H. og Mooney, D. E. (2021). Arkeologiske og botaniske undersøkelser av rydningsrøys Id 34509-4 på Bø gnr. 26, Hå k. (Oppdragsrapport; 2021/08). Henta frå: <https://uis.brage.unit.no/uis-xmlui/handle/11250/2829044>.

Gell, A. (1998). *Art and Agency: An Anthropological Theory*. Oxford: Clarendon Press.

Gjessing, G. (1945) *Norges steinalder*. Oslo: Norsk arkeologisk selskap.

Goldhahn, J. (2007). *Dödens hand – en essä om brons- och hållsmed*. Göteborg: I J. Goldhahn, og T. Oestigaard (Red.) *Rituelle spesialister i bronse- og jernalderen*, GOTARC. Serie C, *Arkeologiska skrifter* 65. Göteborg: Göteborgs universitet.

Goldhahn, J. (2009). *Smeden som kosmolog och kosmograf – några tankar om bronsålderns hantverk och produktion*. I: J. Lund og A.L. Melheim (Red.) *Håndverk og produksjon: sosiale og symboliske roller eller ubeviste kroppsteknikker*. Oslo: Unipub. s. 163-196.

Goldhahn, J. og Oestigaard, T. (2008) *Smith and death – cremations in furnaces in Bronze and Iron Age Scandianvia*. I K. Chilidis (Red.). *Facets of archaeology: essays in honour of Lotte Hedeager on her 60th birthday*. Oslo archaeological series; 10. Oslo: Unipub. s. 215-241.

Groseth, L. (2001). *Å finne sted. Økonomiske og rituelle landskap i Telemark i senneolittikum og bronsealder*. *Varia* nr. 53. Oslo: Universitetets kulturhistoriske museer, Oldsaksamlingen.

Harding, A. F. (2000). *European Societies in the Bronze Age*. Cambridge world archaeology. Cambridge: Cambridge University Press.

Harvig, L., Runge, M. T., og& Lundø, M. B. (2014). *Typology and function of Late Bronze Age and Early Iron Age cremation graves—a micro-regional case study*. *Danish Journal of Archaeology*, 3(1), s. 3-18.

Heldal, T. og Jansen, Ø.J. (2000). Steinbyen Bergen: fortellingen om brostein, bygg og brudd. Bergen: Nord 4 bokverksted a/s.

Henriksen, M. M. (2014). Stille vann har dyp bunn: Offerteoriens rolle i forståelsen av depotfunn belyst gjennom våtmarksdepoter fra Midt-Norge ca. 2350—500 f.Kr. (Doktorgradsavhandling). NTNU, Trondheim.

Henriksen, M. M. (2018). Bronsealderdepoet fra Hegra. I N.-T. Historielag. I Å. Jünge (Red.), Årbok for 2018 (Vol. 95, ss. 23-36). Nord-Trøndelag Historielag.

Henriksen, M.M. (2019). Depotfunnet fra Hegra – ofret, gjemt eller glemt? *Spor* nr. 1, årg. 34, s. 4-9.

Henriksen, M.M. (2021). Transforming bodies and rock art Late Bronze Age mortuary rituals at Sandbrauta. *Adoranten* 2021, s.41-59.

Hill, J. D. (1995). Ritual and Rubbish in the Iron Age of Wessex. A Study on the Formation of a Specific Archaeological Record. BAR British Series 242. Oxford: Tempus Reparatum.

Holmberg, A.E. (1848). Skandinaviens hällristningar: Arkeologisk afhandling. Stockholm: P.G. Berg.

Høgestøl, M. Prøsch-Danielsen, L. og Walderhaug, O. (2018). Bergkunst på Midt- og Sør-Jæren samt i Dalaneregionen, Rogaland: Motiver, historikk, naturmiljø og tilstand. *AmS-varia* 59, 84 s.

Ingstad, A. S. (1961). Votivfunnene i nordisk bronsealder. *Viking*, bd. XXV, s. 23–49.

Jacob-Friesen, G. (1967). Bronzezeitliche Lanzenspitzen Norddeutschlands und Skandinaviens. Hildesheim: August Lax forlag.

Jensen, J. (1997). Fra Bronze til Jernalder: En kronologisk undersøgelse. København: Det kongelige Nordiske Oldskriftsselskab.

Jensen, J. (2013). Danmarks oldtid: fra stenalder til vikingetid. I G. Posselt (Red.). København: Gyldendal.

Johansen, Ø. K. (1993). Norske depotfunn fra bronsealderen (1. utg.). Oslo: Universitetets Oldsakssamling.

Jørgensen, R. og Olsen, B. (1988) Asbestkeramiske grupper i Nord-Norge 2100 f.Kr-100 e.Kr. *Tromura*, kulturhistorie 13. Tromsø museum - Universitetsmuseet. Holtorf, C. (2002). Notes on the Life History of a Pot Sherd. *Journal of Material Culture*, Vol. 7(1), s. 49–71.

Jaanusson, H. (1971). Bronsåldersboplatsen vid Hallunda : ett preliminärt meddelande. *Fornvännen*, s. 173-185.

- Kaliff, A. (1998). Grave structures and altars: Archaeological traces of Bronze Age eschatological conceptions. *European Journal of Archaeology* 1(2), s. 177–198.
- Kaliff, A. (2007). *Fire, Water, Heaven and Earth. Ritual Practice and Cosmology in Ancient Scandinavia: An Indo-European Perspective*. Stockholm: Riksantikvarieämbetet.
